Me ser at det dessutan er ein reaktiv effekt $\text{Im}\{K(x)\}$ som eksisterer berre i nærfeltet. Den aktive effekttransporten K i ei plan bølge i ei ideell (tapstri) væske er sjølvstgt uavhengig av x . Me ser også at den utstrålte effekten - i samsvar med (A53) er

$$\frac{1}{2} R_{11} |\hat{u}_1|^2 = P_r = Kd = \text{Re}\{K(x)\}d = K(\infty)d \quad (D102)$$

Tilsvarande kan strålingsimpedansen Z_{11} uttrykkjast ved

$$\frac{1}{2} Z_{11} |\hat{u}_1|^2 = K(0)d \quad (D103)$$

i samsvar med (D42).

Spesialtilfelle:

$$c(z) = e(kz) \quad (D104)$$

(Dette har me undersøkt direkte før).

Av (D90) og (D79) får me at

$$a_0 = \frac{-1}{ik} \sqrt{\frac{f(kh)}{2k}}$$

og av (D83) at $a_n = 0$ for $n > 0$. Av (D98) får me då


$$m_{11} = 0 \quad (D106)$$

i samsvar med tidlegare resultat. Av (D97) får me

$$R_{11} = \omega k \rho \frac{f(kh)}{2k^3} d = \frac{\omega \rho f(kh)d}{2k^2} \quad (D107)$$

i samsvar med (D61).

Dersom me derimot vel $c(z) = \cos(m_1 z + m_1 h)$ får me berre ein svinmodus og inga progressiv bølge. Me har altså lært oss korleis me kan plaska i vatnet slik at det berre blir plask og inga bølge! Dette er noko som kan vera nyttig dersom ein svingande kropp i sjøen ikkje skal generera uynskte bølger. Jfr. R. Meir, The development of the oscillating water column, pp. 35 - 42, Proc. Wave Energy Conference, Heathrow Hotel, London, 22 - 23 Nov. 1978.



Greens setning.

For to vilkårlege funksjonar φ_i og φ_j som begge oppfyller Helmholtz-likninga

$$\nabla^2 \varphi + \beta^2 \varphi = 0 \quad (\text{D108})$$

i eit visst volum, gjeld Greens setning

$$\oint \left(\varphi_i \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} - \varphi_j \frac{\partial \varphi_i}{\partial n} \right) dS = 0 \quad (\text{D109})$$

der integrasjonen går over den lukka flata som avgrensar rommet. Spesielt gjeld Greens setning om φ_i og φ_j oppfyller Laplace-likninga, d.v.s. om $\beta = 0$.


[Dette resultatet følgjer av Greens setning

$$\iiint_{V'} \nabla \cdot \vec{A} = - \oint A_n dS$$

med

$$\vec{A} = \varphi_i \nabla \varphi_j - \varphi_j \nabla \varphi_i$$

$$\nabla \cdot \vec{A} = \nabla \varphi_i \nabla \varphi_j + \varphi_i \nabla^2 \varphi_j - \nabla \varphi_j \nabla \varphi_i - \varphi_j \nabla^2 \varphi_i$$




$$\begin{aligned}
 &= \varphi_i \nabla^2 \varphi_j - \varphi_j \nabla^2 \varphi_i \\
 &= \varphi_i (-\beta^2 \varphi_j) - \varphi_j (-\beta^2 \varphi_i) = 0
 \end{aligned}$$

og

$$A_n = \varphi_i \nabla_n \varphi_j - \varphi_j \nabla_n \varphi_i = \varphi_i \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} - \varphi_j \frac{\partial \varphi_i}{\partial n}]$$

Me skal bruka Greens setning på ei lukka flate som er sett saman av

- S_1 : Den vätte overflata av ein svingande fast kropp som kan generera bølger.
- S_f : Den vätte overflata av ein annan fast kropp som er i ro.
- $z=-h$: Sjøbotnen. (Merk at det same grensevilkåret $\partial\phi/\partial n = 0$ gjeld både på sjøbotnen og på S_f , og at føresetnaden om plan horisontal sjøbotn er berre eit spesialtilfelle).
- $z=0$: Den frie overflata. (Merk at visse delar av planet $z = 0$ eventuelt må ekskluderast frå integrasjonsflata, p.g.a. dei to faste kroppane).
- S_∞ : Ei sylinderflate med radius r , der $r \rightarrow \infty$.



Grunnen til at me tek med ein stillestående kropp S_f er ikkje berre at me skal dekkja tilfellet med at det ligg ein stor stein på sjøbotnen. Me kan t.d. ha interesse av å sjå på ein bølgyreflekterande fast vegg. Me skal sidan sjå at for di me har teke med flata S_f kan resultatata her lett overførast til det interessante tilfellet med fleire svingande kroppar.

Me merkar oss at det er vatn overalt innanfor denne lukka flata, slik at me kan bruka Greens setning for to vilkårlege fartpotensial ϕ_i og ϕ_j , sidan desse må oppfylla Laplace-likninga overalt i vatnet. Grensevilkåret

$$\frac{\partial}{\partial n} \phi_{i,j} = 0 \quad \text{på } S_f \quad (\text{D113})$$

gjer at

$$\iint_{S_f} \left(\phi_i \frac{\partial \phi_j}{\partial n} - \phi_j \frac{\partial \phi_i}{\partial n} \right) dS = 0 \quad (\text{D114})$$

Det tilsvarande integralet over sjøbotnen $z = -h$ blir og null. Det tilsvarande integralet over den frie overflata $z = 0$ blir og null fordi grensevilkåret der

$$0 = \left(\omega^2 - g \frac{\partial}{\partial z} \right) \phi_{i,j} = \left(\omega^2 + g \frac{\partial}{\partial n} \right) \phi_{i,j} \quad (\text{D115})$$

gjev

$$\phi_i \frac{\partial \phi_j}{\partial n} - \phi_j \frac{\partial \phi_i}{\partial n} = -\phi_i \frac{\omega^2}{g} \phi_j + \phi_j \frac{\omega^2}{g} \phi_i = 0$$

Me definerer

$$\boxed{I(\phi_i, \phi_j) = \iint_S \left(\phi_i \frac{\partial \phi_j}{\partial n} - \phi_j \frac{\partial \phi_i}{\partial n} \right) dS} \quad (\text{D117})$$

der $S = S_1$, den vatte overflata av den svingande kroppen. Men merk at det ikkje gjer nokon skilnad om me seier at $S = S_1 \cup S_f$, sidan flata S_f ikkje gjev noko tilskot til integralet.

Det følgjer no av Greens setning at

$$I(\phi_i, \phi_j) = - \iint_{S_\infty} \left(\phi_i \frac{\partial \phi_j}{\partial n} - \phi_j \frac{\partial \phi_i}{\partial n} \right) dS \quad (D118)$$

Merk at me i disse uttrykka godt kan byta ϕ_i eller ϕ_j med sine kompleks konjungerte. Funksjonane ϕ_i og ϕ_j er fartpotensialet for bølger som er genererte av den svingande kroppen S_1 eller andre bølger. Vilkåret er berre at fartpotensiala oppfyller dei nemnde randvilkåra på dei stille flatene S_f og sjøbotnen og på den frie overflata $z = 0$.

Merk at

$$I(\phi_i, \phi_j) = -I(\phi_j, \phi_i)$$

Strålingsresistansen.

Etter (D41) er strålingsimpedansen for svingemodus nr. q

$$Z_{qq} = -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_q \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} dS = -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_q \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} dS \quad (D119)$$

Strålingsresistansen er

$$R_{qq} = \text{Re}\{Z_{qq}\} = \frac{1}{2} (Z_{qq} + Z_{qq}^*) \quad (D120)$$

$$R_{qq} = \frac{\omega\rho}{2} \iint_{S_1} \left(-i\varphi_q \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} + i\varphi_q^* \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} \right) dS \quad (D121)$$

Med bruk av (D117) og (D118) får me

$$R_{qq} = \frac{i\omega\rho}{2} I(\varphi_q^*, \varphi_q) = \quad (D122)$$

$$= - \frac{i\omega\rho}{2} \iint_{S_\infty} \left(\varphi_q^* \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} - \varphi_q \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} \right) dS \quad (D123)$$

Så bruker me strålingsvilkåret om utgåande bølge i uendeleg avstand. Etter (B105) er då φ_q asymptotisk når $kr \rightarrow \infty$

av forma

$$\varphi_q = a_q(\theta)e(kz)(kr)^{-\frac{1}{2}}e^{-ikr} + O\{r^{-1}\} \quad (D124)$$

Altså

$$\frac{\partial \varphi_q}{\partial n} = -\frac{\partial \varphi_q}{\partial r} = ik\varphi_q + O\{r^{-1}\} \quad (D125)$$

Difor er $(\varphi_q \partial \varphi_q^* / \partial n)$ reint imaginær på S_∞ . Dei to ledda i integralet over S_∞ er altså like, slik at

$$R_{qq} = i\omega\rho \iint_{S_\infty} \varphi_q \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} dS \quad (D126)$$

Me samanliknar resultatet (D126) med utgangspunktet, uttrykket (D119) for Z_{qq} . Uttrykka for Z_{qq} og R_{qq} har ein viss likskap. Skiftet av forteikn heng saman med den valde retninga på flatenormalane, nemleg at \vec{n} peikar utover frå S_1 og innover frå S_∞ (i begge tilfelle innover i væskevolumet som det er integrert over. Sjå figuren). Når me integrerer over den vatte overflata S_1 av den svingande kroppen, får me heile strålingsimpedansen. Når me integrerer i fjernfeltet over S_∞ , får me strålingsresistansen, altså berre realdelen av strålingsimpedansen.

Me har vore borti noko heilt tilsvarande før, nemleg for ei generert plan bølge. Samanlikna (D102) og (D103).

Då $\partial/\partial n = -\partial/\partial r$ på S_∞ og vidare $\partial \varphi_q^* / \partial r = ik\varphi_q^*$ har me

$$R_{qq} = \omega k \rho \iint_{S_\infty} |\varphi_q|^2 dS = \omega k \rho \int_0^{2\pi} \int_{-h}^0 |\varphi_q|^2 r d\theta dz \quad (D126a)$$

Dette viser at R_{qq} er reell og positiv. Med bruk av (D124) og (B73) får me

$$R_{qq} = \frac{\omega \rho f(kh)}{2k} \int_0^{2\pi} |a_q(\theta)|^2 d\theta \quad (D126b)$$

Bølgjer som oppfyller strålingsvilkåret.

Bølgjer som oppfyller strålingsvilkåret har i fjernfeltet eit potensial

$$\hat{\phi} = \psi \sim A(\theta)e(kz)(kr)^{-\frac{1}{2}}e^{-ikr} \quad (D129-3)$$

Jfr. (B105). Dette gjeld i det tre-dimensjonale tilfellet. Me bruker her symbolet ψ for å markera at potensialet oppfyller strålingsvilkåret. I det to-dimensjonale tilfellet, med plane bølgjer i fjernfeltet gjeld

$$\hat{\phi} = \psi \sim A^{\pm}e(kz)e^{\mp ikx} = A^{\pm}e(kz)e^{-ik|x|} \quad (D129-2)$$

Her gjeld øvre forteikn for $x \rightarrow +\infty$ ($\theta = 0$) og nedre forteikn for $x \rightarrow -\infty$ ($\theta = \pi$).

For to vilkårlege bølgjer som begge oppfyller strålingsvilkåret (D129) har me, når me tek med berre det dominerande leddet i fjernfeltet

$$\frac{\partial}{\partial n} \psi_{i,j} = ik\psi_{i,j} \quad (D130)$$

Jfr. også (D125). Difor blir

$$\iint_{S_{\infty}} \left(\psi_i \frac{\partial \psi_j}{\partial n} - \psi_j \frac{\partial \psi_i}{\partial n} \right) dS = 0 \quad (D131)$$

og etter (D118)

$$I(\psi_i, \psi_j) = 0 \quad (D132)$$

Merk at også

$$I(\psi_i^*, \psi_j^*) = 0 \quad (D133)$$

men at

$$I(\psi_i, \psi_j^*) \neq 0$$

då ψ_i og ψ_j^* ikkje oppfyller same strålingsvilkåret.

Med bruk av (D118), (D129-3) og (D130) får me

$$\begin{aligned}
 I(\psi_i, \psi_j^*) &= - \iint_{S_\infty} A_i(\theta) A_j^*(\theta) e^2(kz) \frac{1}{kr} (-ik - ik) dS \\
 &= 2i \int_{-h}^0 e^2(kz) dz \int_0^{2\pi} A_i(\theta) A_j^*(\theta) d\theta \quad (D134-3)
 \end{aligned}$$

Integralet over z er utrekna i (B73). Det gjev

$$I(\psi_i, \psi_j^*) = i \frac{f(kh)}{k} \int_0^{2\pi} A_i(\theta) A_j^*(\theta) d\theta \quad (D135-3)$$

For det to-dimensjonale tilfellet gjev (D129-2)

$$\begin{aligned}
 I(\psi_i, \psi_j^*) &= -(A_i^+ A_j^{+*} + A_i^- A_j^{-*}) (-ik - ik) \int_{-h}^0 e^2(kz) dz \int_0^d dy \\
 &\quad (D134-2)
 \end{aligned}$$

Pr. lengdeining i y -retning har me då

$$I(\psi_i, \psi_j^*)/d = +if(kh)(A_i^+ A_j^{+*} + A_i^- A_j^{-*}) \quad (D135-2)$$

Resiprositetssetninga.

Me har definert ei strålingsimpedansmatrise (D38)

$$Z_{ij} = -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_j \frac{\partial \varphi_i}{\partial n} dS = -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_j \frac{\partial \varphi_i^*}{\partial n} dS \quad (D135a)$$

Av dette får me

$$Z_{ij} - Z_{ji} = -i\omega\rho I(\varphi_j, \varphi_i) = 0 \quad (D135b)$$

i samsvar med (D132), sidan både φ_j og φ_i oppfyller strålingsvilkåret. Av dette følgjer at strålingsimpedansmatrisa er symmetrisk om hovuddiagonalen

$$Z_{ij} = Z_{ji}$$

(D135c)

Dette er resiprositetssatsen som seier at krafta i ein modus på grunn av svinging i ein annan modus med einingsamplitude, er lik krafta i den andre modusen p.g.a. svinging med einingsamplitude i den fyrste modusen.

Vidare har me

$$\begin{aligned} R_{ij} &= \operatorname{Re}(Z_{ij}) = \frac{1}{2} (Z_{ij} + Z_{ij}^*) = \frac{1}{2} (Z_{ij} + Z_{ji}^*) \\ &= -\frac{i\omega\rho}{2} \iint_{S_1} \left(\varphi_j \frac{\partial \varphi_i^*}{\partial n} - \varphi_i^* \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} \right) dS \end{aligned}$$

eller

$$R_{ij} = R_{ji} = \frac{i\omega\rho}{2} I(\varphi_i^*, \varphi_j) = -\frac{i\omega\rho}{2} I(\varphi_i, \varphi_j^*) \quad (\text{D135d})$$

Kotsjin-funksjonar.

Utstrålte bølger og diffraksjonsbølger er typiske eksempel på bølger som oppfyller strålingsvilkåret. Men innfallande bølger oppfyller ikkje strålingsvilkåret. Me ser på to generelle bølger

$$\boxed{\phi_{i,j} = \Phi_{i,j} + \psi_{i,j}} \quad (\text{D136})$$

der Φ_i og Φ_j er komplekse amplitudar for to vilkårlege innfallande bølger.

Då har me etter (D117)

$$I(\phi_i, \phi_j) = I(\Phi_i, \Phi_j) + I(\Phi_i, \psi_j) + I(\psi_i, \Phi_j) + I(\psi_i, \psi_j) \quad (\text{D137})$$

Her er siste leddet null etter (D132). Vidare er fyrste leddet null etter Greens setning. Me har nemleg at innfallande bølger, per definisjon, oppfyller Laplace-likninga overalt innanfor den sylindriske flata S_∞ , ja jamvel innanfor flatene S_1 og S_f .

Etter dette har me

$$I(\phi_i, \phi_j) = I(\phi_i, \psi_j) + I(\psi_i, \phi_j) \quad (D138)$$

Me ser no på to plane innkomande bølger med amplitude $\eta_{oi,j}$ og innfallsvinkel $\gamma_{i,j}$

$$\phi_{i,j} = \frac{-g}{i\omega} \eta_{oi,j} e(kz) \exp\{-ikx \cos\gamma_{i,j} -iky \sin\gamma_{i,j}\} \quad (D139)$$

Vidare definerer me dei såkalla Kotsjin-funksjonane etter Newman (1976).

$$H_j(\gamma) = -\frac{k}{f(kh)} I\{e(kz)e^{ik(x \cos\gamma + y \sin\gamma)}, \psi_j\}$$

(D140)

Me skal sidan sjå at koeffisienten $A(\theta)$ i fjernfeltpotensialet (D129-3) er proporsjonal med $H(\theta)$. Jfr. (D165).

Me ser at

$$H_j(\gamma + \pi) = -\frac{k}{f(kh)} I\{e(kz)e^{-ik(x \cos\gamma + y \sin\gamma)}, \psi_j\} \quad (D141)$$

Her multipliserer me med $(-g/i\omega)\eta_o$ for begge dei innfallande bølgjene. Dermed får me frå (D138)

$$I(\phi_i, \phi_j) = \frac{gf(kh)}{i\omega k} \{\eta_{oi} H_j(\pi + \gamma_i) - \eta_{oj} H_i(\pi + \gamma_j)\} \quad (D142)$$

der me har brukt relasjonen $I(\phi_i, \phi_j) = -I(\phi_j, \phi_i)$ i siste leddet.

Haskind-relasjonen.

Me skal no bruka den funne samanhengen (D142) til å utleia Haskind-relasjonen som gjev eit nyttig uttrykk for den eksiterande krafta som ei innkomande bølge påverkar ein fast kropp med.

Etter (D31) gjev den innkomande bølge ϕ_i ei eksitasjonskraft med komponent nr. q ($q = 1, 2, \dots, 6$)

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho \iint_{S_1} \hat{\phi}_i n_q dS \quad (D143)$$

Her er

$$\hat{\phi}_i = \hat{\phi}_i + \hat{\psi}_i \quad (D143a)$$

potensialet ved overflata S_1 av kroppen. Vidare er ψ_i potensialet frå den diffrakterte bølge som skriv seg frå at den innfallande bølge ϕ_i ikkje åleine oppfyller randvilkåret på S_1 , nemleg at

$$\frac{\partial \phi_i}{\partial n} = \frac{\partial}{\partial n} (\hat{\phi}_i + \psi_i) = 0 \quad \text{på } S_1 \text{ (og på } S_f) \quad (D144)$$

Eksitasjonskrafta $F_{e,q}$ er nemleg den krafta som verkar på kroppen når han er i ro.

Etter (D18) er

$$n_q = \left. \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} \right|_{S_1} \quad (D145)$$

der φ_q er koeffisienten $\hat{\phi}/\hat{u}_i$ for utstrålt bølge frå svingemodus nr. q .

Me har då

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho \iint_{S_1} \hat{\phi}_i \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} dS \quad (D146)$$

$$= i\omega\rho \iint_{S_1} \left(\hat{\phi}_i \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} - \varphi_q \frac{\partial \hat{\phi}_i}{\partial n} \right) dS \quad (D147)$$

Merk at dette er lovleg, då me etter (D144) har addert til null i integranden. Etter (D117) har me

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho I(\hat{\phi}_i, \varphi_q) \quad (D148)$$

Så bruker me (D142), med di me let $\psi_j \rightarrow \varphi_q$ og $H_j(\gamma) \rightarrow$

$h_q(\gamma)$. Vidare har me $\eta_{oj} + \eta_{oq} = 0$, etter di me har berre ei innfallande bølge, altså berre $\eta_{oi} \neq 0$. Då får me

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho \frac{gf(kh)}{i\omega k} \eta_{oi} h_q(\pi + \gamma_i) = \frac{\rho gf(kh)}{k} \eta_{oi} h_q(\pi + \gamma_i) \quad (D149)$$

Med bruk av (D141) kan dette uttrykkjast

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho \frac{-g}{i\omega} \eta_{oi} I\{e(kz)e^{-ik(x \cos\gamma + y \sin\gamma)}, \varphi_q\} \quad (D150)$$

og vidare med bruk av (D139)

$$\boxed{\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho I(\hat{\phi}_i, \varphi_q)} \quad (D151)$$

Dette er Haskinds formel som me og kunne ha fått direkte frå (D148) slik:

$$\hat{F}_{e,q} = i\omega\rho I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_i, \varphi_q) = i\omega\rho I(\hat{\phi}_i, \varphi_q) + i\omega\rho I(\hat{\psi}_i, \varphi_q)$$

for siste leddet her blir null i samsvar med (D132) då både ψ_i og φ_q oppfyller strålingsvilkåret.

Det er særst nyttig at me har eit uttrykk for eksitasjonskrafta der diffraksjonspotensialet ψ_i ikkje går eksplisitt inn. Spesielt er det ofte nyttig å utføra integrasjonen i fjernfeltet i samsvar med (D118).

$$\begin{aligned} \hat{F}_{e,q} &= -i\omega\rho \iint_{S_\infty} \left(\hat{\phi}_i \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} - \varphi_q \frac{\partial \hat{\phi}_i}{\partial n} \right) dS \\ &= i\omega\rho \int_0^{2\pi} \int_{-h}^0 \left(\hat{\phi}_i \frac{\partial \varphi_q}{\partial r} - \varphi_q \frac{\partial \hat{\phi}_i}{\partial r} \right) r d\theta dz \end{aligned} \quad (D153)$$

Meir om Kotsjin-funksjonar.

Me skal fyrst visa at $H_j(\theta) \propto A_j(\theta)$ og sidan uttrykkja $I(\phi_i, \phi_j^*)$ ved Kotsjin-funksjonar. Her er ϕ_i og ϕ_j defi-

nerte ved (D136) som ein sum av ei innfallande bølge og ei bølge som oppfyller strålingsvilkåret.

Av definisjonen (D140) og av (D129-3) får me

$$-\frac{f(kh)}{k} H_j(\gamma) = I \left\{ e(kz) e^{ikr(\cos\theta\cos\gamma + \sin\theta\sin\gamma)}, \right. \\ \left. \frac{A_j(\theta)}{\sqrt{kr}} e(kz) e^{-ikr} \right\} \quad (D154)$$

med di me kan bruka fjernfeltpotensialet for ψ_j fordi integralet kan gå over S_∞ i samsvar med (D118). Då me har (B73)

$$\int_{-h}^0 e^{2(kz)} dz = \frac{f(kh)}{2k} \quad (D155)$$

får me

$$-H_j(\gamma) = \frac{1}{2} \int_0^{2\pi} e^{ikr \cos(\theta-\gamma)} (-ik) A_j(\theta) e^{-ikr} \\ - A_j(\theta) e^{-ikr} ik \cos(\theta-\gamma) e^{ikr \cos(\theta-\gamma)} \Big\} (kr)^{-\frac{1}{2}} r d\theta \\ = -\frac{i}{2} \sqrt{kr} \int_0^{2\pi} (1 + \cos(\theta-\gamma)) A_j(\theta) e^{-ikr(1-\cos(\theta-\gamma))} d\theta \quad (D156)$$

Her er det underforstått at $kr \rightarrow \infty$. Difor oscillerer integranden uendeleg raskt med θ og gjev såleis ikkje noko tilskot til integralet, bortsett frå nær $1 - \cos(\theta-\gamma) = 0$. Me kan altså integrera med den såkalla "metoden med stasjonær fase".

Me innfører ny integrasjonsvariabel α , ved

$$\alpha^2 = kr(1 - \cos(\theta-\gamma)) \quad (D157)$$

$$2\alpha d\alpha = kr \sin(\theta-\gamma) d\theta = kr \sqrt{1 - \cos^2(\theta-\gamma)} d\theta$$

$$\cos(\theta-\gamma) = 1 - \frac{\alpha^2}{kr}$$

$$\begin{aligned}
 d\theta &= \frac{2\alpha}{kr} \left\{ 1 - \left(1 - \frac{\alpha^2}{kr} \right)^2 \right\}^{-\frac{1}{2}} d\alpha = \frac{2\alpha}{kr} \left\{ \frac{2\alpha^2}{kr} - \frac{\alpha^4}{(kr)^2} \right\}^{-\frac{1}{2}} d\alpha \\
 &= \sqrt{\frac{2}{kr}} \left\{ 1 - \frac{\alpha^2}{2kr} \right\}^{-\frac{1}{2}} d\alpha \\
 1 + \cos(\theta - \gamma) &= 2 - \frac{\alpha^2}{kr} = 2 \left(1 - \frac{\alpha^2}{2kr} \right)
 \end{aligned}$$

Tilskot til integralet får me altså berre for området $\theta \approx \gamma$ som gjev $\alpha^2/kr \approx 0$. Same kor raskt den kontinuerlege funksjonen $A_j(\theta)$ varierer, kan me parera med ein så stor r at me kan setja $A_j(\theta) \approx A_j(\gamma)$ i heile det området som gjev tilskot til integralet. Me får altså

$$-H_j(\gamma) = -\frac{i}{2} \sqrt{kr} 2 A_j(\gamma) \sqrt{\frac{2}{kr}} \int e^{-i\alpha^2} d\alpha \quad (D163)$$

der me har sløyft ledd som forsvinn når $r \rightarrow \infty$. Tilskot til integralet får me berre i eit lite intervall nær 0 for $\frac{\alpha^2}{kr}$. Men når $kr \rightarrow \infty$, kan me setja integrasjonsgrensene $\pm \infty$. Altså får me

$$\begin{aligned}
 -H_j(\gamma) &= -i \sqrt{2} A_j(\gamma) \int_{-\infty}^{\infty} e^{-i\alpha^2} d\alpha \quad (D164) \\
 &= \sqrt{2} A_j(\gamma) \int_{-\infty}^{\infty} (-\sin\alpha^2 - i \cos\alpha^2) d\alpha \\
 &= -\sqrt{2} A_j(\gamma) (1+i) \sqrt{\pi/2}
 \end{aligned}$$

$$H_j(\gamma) = \sqrt{2\pi} A_j(\gamma) e^{+i\pi/4} \quad (D165)$$

Me kan då også uttrykkja fjernfeltløysinga (D129-3) som

$$\psi_j \sim H_j(\theta) e(kz) (2\pi kr)^{-\frac{1}{2}} e^{-i(kr+\pi/4)} \quad (D166)$$

og (D135-3) blir

$$I(\psi_i, \psi_j^*) = i \frac{f(kh)}{2\pi k} \int_0^{2\pi} H_i(\theta) H_j^*(\theta) d\theta \quad (D167)$$

Som ein parallell til uttrykket (D142) for $I(\phi_i, \phi_j)$, skal me no finna eit uttrykk for $I(\phi_i, \phi_j^*)$, der ϕ_i og ϕ_j som før er gjevne ved (D136): $\phi_{i,j} = \phi_{i,j} + \psi_{i,j}$ der ϕ_i og ϕ_j representerer innfallande bølgjer (D139) og ψ_i og ψ_j representerer bølgjer som oppfyller strålingsvilkåret. Generelt får me frå (D117) og (D136)

$$I(\phi_i, \phi_j^*) = I(\phi_i, \phi_j^*) + I(\phi_i, \psi_j^*) + I(\psi_i, \phi_j^*) + I(\psi_i, \psi_j^*) \quad (D168)$$

Fyrste leddet her forsvinn fordi dei innfallande bølgjene ϕ_i og ϕ_j (og dermed ϕ_j^*) oppfyller Laplace-likninga også innanfor flatene S_1 og S_f . Frå (D140) har me

$$H_j^*(\gamma) = - \frac{k}{f(kh)} I \left\{ e(kz) e^{-ik(x \cos \gamma + y \sin \gamma)}, \psi_j^* \right\} \quad (D169)$$

Mellomrekning:

$$\begin{aligned} I(\phi_i, \psi_j^*) &= \frac{g}{-i\omega} \eta_{oi} I \left(e(kz) e^{-ik(x \cos \gamma_i + y \sin \gamma_i)}, \psi_j^* \right) \\ &= \frac{gf(kh)}{i\omega k} \eta_{oi} H_j^*(\gamma_i) \end{aligned} \quad (D170)$$

$$\begin{aligned} I(\psi_i, \phi_j^*) &= -I(\phi_j^*, \psi_i) = - [I(\phi_j, \psi_i^*)]^* \\ &= - \left[\frac{gf(kh)}{i\omega k} \eta_{oj} H_i^*(\gamma_j) \right]^* = \frac{gf(kh)}{i\omega k} \eta_{oj}^* H_i(\gamma_j) \end{aligned} \quad (D171)$$

Me får då når me også bruker (D167)

$$\begin{aligned} I(\phi_i, \phi_j^*) &= \frac{gf(kh)}{i\omega k} \left\{ \eta_{oi} H_j^*(\gamma_i) + \eta_{oj}^* H_i(\gamma_j) \right\} \\ &\quad + \frac{if(kh)}{2\pi k} \int_0^{2\pi} H_i(\theta) H_j^*(\theta) d\theta \end{aligned} \quad (D172)$$

Det er siste leddet i (D172) som representerer den tydelegaste skilnaden frå uttrykket (D142) for $I(\phi_i, \phi_j)$.

Som ein illustrasjon ser me på (D135d)

$$R_{ij} = R_{ji} = -\frac{i\omega\rho}{2} I(\phi_i, \phi_j^*) \quad (D173)$$

Med $\phi_{i,j} = 0 + \varphi_{i,j} \hat{u}_{i,j}$, altså $\eta_{oi,j} = 0$ og $H_{i,j} = h_{i,j} \hat{u}_{i,j}$ gjev (D172):

$$R_{ij} = \frac{\omega\rho f(kh)}{4\pi k} \int_0^{2\pi} h_i(\theta) h_j^*(\theta) d\theta \quad (D174)$$

Med bruk av (D165) gjev dette

$$R_{ij} = \frac{\omega\rho f}{2k} \int_0^{2\pi} a_i(\theta) a_j^*(\theta) d\theta \quad (D175)$$

som er i samsvar med (D126b) når $i = j$.

Effekt absorbert av svingande kropp.

Eit flateelement dS på den svingande flata S_1 tek i tidsmiddel ein effekt

$$dP = -I_n dS \quad (D176)$$


der intensiteten etter (A47) har ein normalkomponent

$$I_n = \frac{1}{2} \text{Re}(\hat{p}\hat{v}_n^*) = \frac{1}{4} (\hat{p}\hat{v}_n^* + \hat{p}^*\hat{v}_n) \quad (D177)$$

med $\hat{p} = -i\omega\rho\hat{\phi}$ og $\hat{v}_n = \partial\hat{\phi}/\partial n$. Den absorberte effekten er altså

$$P = - \iint_{S_1} I_n dS = -\frac{1}{4} \iint_{S_1} (\hat{p}\hat{v}_n^* + \hat{p}^*\hat{v}_n) dS \quad (D180)$$

$$= \frac{i\omega\rho}{4} \iint_{S_1} \left(\hat{\phi} \frac{\partial\hat{\phi}^*}{\partial n} - \hat{\phi}^* \frac{\partial\hat{\phi}}{\partial n} \right) dS \quad (D181)$$



eller med bruk av (D117)

$$P = \frac{i\omega\rho}{4} I(\hat{\phi}, \hat{\phi}^*) \quad (D182)$$

Me skal sjå på absorpsjon av energi frå ei innfallande plan bølge med kompleks amplitude η_0 (referert til origo) og innfallsvinkel γ . Fartpotensialet har ein kompleks amplitude

$$\hat{\phi}_i = \frac{-g}{i\omega} \eta_0 e(kz) e^{-ik(x \cos\gamma + y \sin\gamma)} \quad (D183)$$

Då denne ikkje åleine kan oppfylle randvilkåra på den svingande overflata S_1 (og på den stillestående overflata S_f), blir det sett opp eit diffraksjonspotensial ψ_d som oppfyller strålingsvilkåret og som er slik at

$$\frac{\partial}{\partial n} (\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d) = 0 \quad \text{på } S_1 \text{ (og på } S_f) \quad (D184)$$

Skal kroppen absorbera energi, må han svinga. Arbeid er jo kraft multiplisert med veg, og effekt er kraft multiplisert med fart. Den svingande kroppen genererer ei bølge med fartpotensial

$$\hat{\phi}_r = \sum_{q=1}^6 \varphi_q \hat{u}_q \quad (D185)$$

i samsvar med (D22). Alle φ_q og dermed ϕ_r oppfyller strålingsvilkåret, og randvilkåra (D18) er


$$\frac{\partial \varphi_q}{\partial n} = n_q \quad \text{på } S_1 \quad (D186)$$

Elles oppfyller alle φ_q dei vanlege homogene randvilkåra på dei stillestående flatene S_f og $z = -h$ og på den frie overflata $z = 0$.

Av (D185) og (D186) får me

$$\begin{aligned} \left. \frac{\partial \phi_r}{\partial n} \right|_{S_1} &= \sum_{q=1}^6 n_q \hat{u}_q = \vec{n} \cdot \vec{u} + (n_4, n_5, n_6) \cdot (u_4, u_5, u_6) \\ &= \vec{n} \cdot \vec{u} + (\vec{s} \times \vec{n}) \cdot \vec{\Omega} \end{aligned}$$

$$\begin{aligned}
 &= \vec{n} \cdot \vec{u} + \vec{\Omega} \times \vec{s} \cdot \vec{n} \\
 &= \vec{n} \cdot (\vec{u} + \vec{\Omega} \times \vec{s}) \\
 &= (\vec{u} + \vec{\Omega} \times \vec{s})_n \\
 &\quad (D186a)
 \end{aligned}$$



Her er \vec{u} farten p.g.a. translasjon, og $\vec{\Omega} \times \vec{s}$ er farten p.g.a. rotasjon. Randvilkåret (B17) på den svingande overflata er altså oppfylt når (D186) er gyldig.

Det resulterande fartpotensialet er då

$$\hat{\phi} = \hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d + \hat{\phi}_r \quad (D187)$$

For å finna effekten P må me i samsvar med (D182) rekna ut

$$\begin{aligned}
 I(\hat{\phi}, \hat{\phi}^*) &= I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \hat{\phi}_i^* + \hat{\psi}_d^*) + I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \hat{\phi}_r^*) \\
 &\quad + I(\hat{\phi}_r, \hat{\phi}_i^* + \hat{\psi}_d^*) + I(\hat{\phi}_r, \hat{\phi}_r^*) \\
 &\quad (D188)
 \end{aligned}$$

Det fyrste av desse fire ledda forsvinn p.g.a. randvilkåret (D184). Jfr. (D117). Me har altså den absorberte effekten

$$\boxed{P = P_i - P_r} \quad (D189)$$

der

$$\begin{aligned}
 P_i &= \frac{i\omega\rho}{4} I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \hat{\phi}_r^*) - \frac{i\omega\rho}{4} I(\hat{\phi}_i^* + \hat{\psi}_d^*, \hat{\phi}_r) \\
 &= \text{Re} \left\{ \frac{i\omega\rho}{2} I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \hat{\phi}_r^*) \right\} \\
 &\quad (D190)
 \end{aligned}$$

kan kallast den innfallande effekten og

$$P_r = - \frac{i\omega\rho}{4} I(\hat{\phi}_r, \hat{\phi}_r^*) \quad (D191)$$

kan kallast den utstrålte effekten.

Med bruk av (D167) får me

$$P_r = \frac{\omega \rho f(kh)}{8\pi k} \int_0^{2\pi} |H_r(\theta)|^2 d\theta \quad (\text{D191a})$$

som viser at den utstrålte effekten er positiv definitt.

No bruker me (D185) og får

$$P_i = \text{Re} \left\{ \frac{i\omega\rho}{2} \sum_{q=1}^6 I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \varphi_q^*) \hat{u}_q^* \right\} \quad (\text{D192})$$

og

$$P_r = - \frac{i\omega\rho}{4} \sum_{q=1}^6 \sum_{q'=1}^6 I(\varphi_q, \varphi_{q'}^*) \hat{u}_q \hat{u}_{q'}^* \quad (\text{D193})$$

For å føra inn eksitasjonskrafta $\hat{F}_{e,q}$ i (D192) konsta-
terer me at p.g.a. randvilkåret (D184) og p.g.a. at $\partial\varphi_q/\partial n$
er reell, så gjeld

$$\begin{aligned} I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \varphi_q^*) &= \iint_{S_1} (\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d) \frac{\partial\varphi_q^*}{\partial n} dS \\ &= \iint_S (\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d) \frac{\partial\varphi_q}{\partial n} dS = I(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \varphi_q) \\ &= I(\hat{\phi}_i, \varphi_q) = \hat{F}_{e,q}/i\omega\rho \end{aligned} \quad (\text{D194})$$

i samsvar med (D148). Difor kan (D192) skrivast

$$P_i = \text{Re} \sum_{q=1}^6 \frac{1}{2} (\hat{F}_{e,q} \hat{u}_q^*) \quad (\text{D195})$$

I samsvar med (D135d) kan me dessutan skriva (D193)

$$P_r = \sum_{q=1}^6 \sum_{q'=1}^6 \frac{1}{2} R_{q',q} \hat{u}_q \hat{u}_{q'}^* \quad (\text{D196})$$

der $R_{q,q}$ er element i strålingsresistensmatrisa.

Merk at me ikkje får nokon absorbert effekt $P = P_i - P_r$ utan at $P_r \neq 0$ d.v.s.: $\phi_r \neq 0$. Det går ikkje an å absorbera energi frå den innkomande bølga utan å generera ei bølge.

Me ser no på spesialtilfellet med berre ein modus, t.d. berre hivmodusen, $q = 3$.

Då har me

$$P_i = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\hat{F}_{e,3} \hat{u}_3^*) = \frac{1}{2} |\hat{F}_{e,3}| \cdot |\hat{u}_3| \cos\beta \quad (\text{D197})$$

der β er fasevinkelen mellom farten u_3 og eksitasjonskrafta $F_{e,3}$. Den absorberte effekten er

$$P = P_i - P_r = \frac{1}{2} |\hat{F}_{e,3}| \cdot \cos\beta |\hat{u}_3| - \frac{1}{2} R_{33} |\hat{u}_3|^2 \quad (\text{D198})$$


For ei viss innfallande bølge er $|\hat{F}_{e,3}|$ gitt. Då varierer P med $|\hat{u}_3|$ som ein parabel.

Me ser at P_i er størst når $\beta = 0$. Dette fasevilkåret er automatisk oppfylt om den hivande kroppen er resonant med bølga. Jfr. resonansabsorpsjon. Me finn av (D198) at

$$P = P_{\max} = \frac{|\hat{F}_{e,3}|^2}{8R_{33}} \quad (\text{D199})$$

for $\beta = 0$ og $|\hat{u}_3| = |\hat{F}_{e,3}|/2R_{33}$, d.v.s. $\hat{u}_3 = \hat{F}_{e,3}/2R_{33}$
Jfr. (A79). (D200)

Hittil har me sett på ei generell innkomande bølge. No skal me sjå spesielt på ei plan bølge med innfallsvinkel γ og amplitude η_0 i samsvar med (D183). Eksitasjonskrafta er då gjeven av (D149)



$$\hat{F}_{e,q} = \frac{\rho g f(kh)}{k} \eta_0 h_q(\pi + \gamma) \quad (D201)$$

Med dessutan å bruka (D174)

$$R_{q,q} = \frac{\omega \rho f(kh)}{4\pi k} \int_0^{2\pi} h_{q'}(\theta) h_q^*(\theta) d\theta \quad (D202)$$

kan me i samsvar med (D195) og (D196) skriva den absorberte effekten

$$\begin{aligned} P &= P_i - P_r \\ &= \operatorname{Re} \sum_{q=1}^6 \frac{\rho g f(kh)}{2k} \eta_0 h_q(\pi + \gamma) \hat{u}_q^* \\ &\quad - \frac{\omega \rho f(kh)}{8\pi k} \sum_{qq'} \int_0^{2\pi} h_{q'}(\theta) h_q^*(\theta) d\theta \hat{u}_q \hat{u}_q^* \end{aligned} \quad (D203)$$

Me kan no tolka integraluttrykket (D202) eller (D175) for strålingsresistansmatrisa. Det strålar ut mykje energi i dei retningane θ i fjernfeltet der integranden gjev stort tilskot til integralet. I desse retningane er det etter måten sterk intensitet i utstrålinga. Jfr. også (D43).

Eksitasjonskraftkoeffisient og strålingsresistans.

Eksitasjonskrafta er avhengig av innfallsretninga på den plane bølga

$$\hat{F}_{e,q} = \hat{F}_{e,q}(\gamma) = \frac{\rho g f(kh)}{k} \eta_0 h_q(\pi + \gamma) \quad (D204)$$

Jfr. (D149). Me innfører "eksitasjonskraftkoeffisienten"


$$\kappa_q = \frac{\hat{F}_{e,q}}{\hat{\eta}_i} \quad (D205)$$

der $\hat{\eta}_i$ er den komplekse amplituden av den (uskipla) innkomande bølga i same horisontale posisjon som tyngdepunktet for kroppen, her $(x,y) = (0,0)$, d.v.s. her er

$$\kappa_q = \frac{\hat{F}_{e,q}}{\eta_0} = \frac{\rho g f(kh)}{k} h_q(\pi + \gamma) = \kappa_q(\gamma) \quad (D206)$$

Merk at eksitasjonskraftkoeffisienten ved innfallsretning γ står i direkte samanheng med amplituden på den utstrålte fjernfeltbølgja i retninga $\gamma + \pi$.

Med bruk av (D165) kan me og skriva



$$\kappa_q(\gamma) = \frac{\rho g f(kh)}{k} a_q(\gamma + \pi) \sqrt{2\pi} e^{i\pi/4} \quad (D206a)$$

Av (D206) får me

$$h_q(\gamma) = \frac{k}{\rho g f(kh)} \kappa_q(\gamma - \pi) \quad (D207)$$

Altså kan $h_q(\theta)$ bestemmast eksperimentelt ved å måla $\kappa_q(\theta)$.

Frå (D174) har me strålingsresistansmatrisa

$$R_{ij} = \frac{\omega \rho f(kh)}{4\pi k} \int_0^{2\pi} h_i(\theta) h_j^*(\theta) d\theta \quad (D208)$$

$$R_{ij} = \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f(kh)} \int_0^{2\pi} \kappa_i(\theta - \pi) \kappa_j^*(\theta - \pi) d\theta \quad (D209)$$

Ved innføring av ny integrasjonsvariabel $\theta' = \theta - \pi$, får me

$$R_{ij} = \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f(kh)} \int_{-\pi}^{\pi} \kappa_i(\theta') \kappa_j^*(\theta') d\theta' \quad (D210)$$

Når kroppen svingar i berre ein modus q , blir den maksimalt absorberte effekten etter (D199):

$$P_{\max} = \frac{|F_{e,q}|^2}{8R_{qq}} = \frac{|\eta_0|^2 2\rho g^2 f(kh) G_q(\gamma)}{8\omega k} \quad (D211)$$

der me har innført den såkalla direktiviteten

$$G_q(\gamma) = 2\pi |\kappa_q(\gamma)|^2 / \int_{-\pi}^{\pi} |\kappa(\theta)|^2 d\theta \quad (D215)$$

Me definerer absorpsjonslengda ved

$$d_q(\gamma) = \frac{P_{\max}(\gamma)}{K} \quad (D213)$$

som er forholdet mellom maksimal absorbert effekt og transportert bølge-effekt pr. lengdeining av bølgefrenten.

Med bruk av (B75)

$$K = \frac{\rho g^2 f(kh)}{4\omega} |\eta_0|^2 \quad (D212)$$

får me

$$d_q(\gamma) = \frac{G_q(\gamma)}{k} \quad (D214)$$

For sirkulærsymmetrisk tilfelle er κ_q uavhengig av θ slik at absorpsjonslengda blir

$$d_q = \frac{1}{k} = \lambda/2\pi \quad (D216)$$

Sirkulærsymmetrisk kropp.

Flatenormalen \vec{n} for ein sirkulærsymmetrisk kropp er

$$\vec{n} = (n_x, n_y, n_z) \quad (D217)$$

i posisjonen


$$\begin{aligned}\vec{s} &= (x, y, z) \\ &= (r \cos\theta, r \sin\theta, z) \\ &\quad (D218)\end{aligned}$$

Merk at n_z er uavhengig av θ , at $n_x = n_r \cos\theta$ og $n_y = n_r \sin\theta$.

Altså er

$$\begin{aligned}\vec{n} &= (n_r \cos\theta, n_r \sin\theta, n_z) \\ &\quad (D219)\end{aligned}$$

$$\begin{aligned}\vec{s} \times \vec{n} &= (n_4, n_5, n_6) \\ &\quad (D220)\end{aligned}$$



$$\left. \begin{aligned}n_4 &= yn_z - zn_y = (rn_z - zn_r)\sin\theta = -n_M \sin\theta \\ n_5 &= zn_x - xn_z = (zn_r - rn_z)\cos\theta = n_M \cos\theta \\ n_6 &= xn_y - yn_x = rn_r(\cos\theta\sin\theta - \sin\theta\cos\theta) = 0\end{aligned}\right\} (D221)$$

$$(n_q) = (n_r \cos\theta, n_r \sin\theta, n_z, -n_M \sin\theta, n_M \cos\theta, 0) \quad (D222)$$

$$n_M = zn_r - rn_z \quad \text{og} \quad n_r = \sqrt{n_x^2 + n_y^2} \quad (D223)$$

Grensevilkåret (D18)

$$\frac{\partial \varphi_q}{\partial n} = n_q \quad \text{på} \quad S_1 \quad (D224)$$

er for $q = 6$ oppfylt med $\varphi_6 \equiv 0$, noko som me måtte venta då giringsmodusen for ein sirkulærsymmetrisk kropp ikkje kan generera ei bølge i ei ideell væske.

Elles må φ_q oppfylla Laplace-likninga og dei vanlege homogene grensevilkåra på den frie overflata $z = 0$ og på faste overflater, S_f og $z = -h$, forutan at φ_q oppfyller strålingsvilkåret i uendeleg avstand.

For ein sylinder-symmetrisk kropp kan me lett sjå at ei partikulær løysing av forma

$$\varphi_q(r, \theta, z) = \varphi_{q0}(r, z)\theta_q(\theta) \quad (D225)$$

oppfyller Laplace-likninga, dersom $\theta_q(\theta)$ er ein funksjon som spesifisert i (B93). Om me spesielt vel

$$\begin{aligned} \theta_1(\theta) &= \theta_5(\theta) = \cos\theta \\ \theta_2(\theta) &= \theta_4(\theta) = \sin\theta \\ \theta_3(\theta) &= \theta_6(\theta) = 1 \end{aligned} \quad (D226)$$

så er også randvilkåret på S_1 oppfylt i samsvar med (D222) og (D224).

Ei slik løysing oppfyller også randvilkåret på flata S_f , dersom denne flata er sirkulærsymmetrisk og konsentrisk med den svingande flata S_1 . I motsett fall gjeld ikkje ei løysing av typen (D225) utan at flata S_f er fjerna.

Løysinga er sjølvstøtt av typen (D225) også i fjernfeltet slik at me for Kotsjin-funksjonane har

$$h_q(\theta) = h_{q0}\theta_q(\theta) \quad (D227)$$

og for eksitasjonskraftkoeffisientane

$$\kappa_q(\gamma) = \kappa_{q0}\theta_q(\gamma + \pi) \quad (D228)$$

med

$$\kappa_{q0} = \frac{\rho g f(kh)}{k} h_{q0} \quad (D229)$$

i samsvar med (D206). Me har difor

$$\left. \begin{aligned} \frac{h_1(\theta)}{h_{10}} &= \frac{h_5(\theta)}{h_{50}} = \cos\theta \\ \frac{h_2(\theta)}{h_{20}} &= \frac{h_5(\theta)}{h_{50}} = \sin\theta \\ h_3 &= h_{30} \quad h_6 = 0 \end{aligned} \right\} \quad (D230)$$

$$\left. \begin{aligned} \frac{\kappa_1(\gamma)}{\kappa_{10}} &= \frac{\kappa_5(\gamma)}{\kappa_{50}} = \cos(\gamma + \pi) = -\cos\gamma \\ \frac{\kappa_2(\gamma)}{\kappa_{20}} &= \frac{\kappa_4(\gamma)}{\kappa_{40}} = \sin(\gamma + \pi) = -\sin\gamma \\ \kappa_3 &= \kappa_{30} \quad \kappa_6 = 0 \end{aligned} \right\} \quad (D231)$$

Sidan

$$\int_0^{2\pi} (\cos\theta, \sin\theta, \sin\theta\cos\theta) d\theta = (0, 0, 0) \quad (D232)$$

og

$$\int_0^{2\pi} (\sin^2\theta, \cos^2\theta) d\theta = (\pi, \pi) \quad (D233)$$

har me frå (D210), (D226) og (D231) at strålingsresistans-
matrisa er

$$\tilde{R} = (R_{ij}) = \frac{\omega k}{4\rho g^2 f(kh)} \begin{bmatrix} |\kappa_{10}|^2 & 0 & 0 & 0 & \kappa_{10}\kappa_{50}^* & 0 \\ 0 & |\kappa_{20}|^2 & 0 & \kappa_{20}\kappa_{40}^* & 0 & 0 \\ 0 & 0 & 2|\kappa_3|^2 & 0 & 0 & 0 \\ 0 & \kappa_{20}\kappa_{40}^* & 0 & |\kappa_{40}|^2 & 0 & 0 \\ \kappa_{10}\kappa_{50}^* & 0 & 0 & 0 & |\kappa_{50}|^2 & 0 \\ 0 & 0 & 0 & 0 & 0 & 0 \end{bmatrix} \quad (D234)$$

Me har og gjort nytte av resiprositetssatsen (D135d) $R_{ij} = R_{ji}$. Sidan $R_{ij} = \text{Re}(Z_{ij})$, må me ha at $\kappa_{10}\kappa_{50}^*$ og $\kappa_{20}\kappa_{40}^*$ er reelle (positive eller negative). Difor må

$$\frac{\kappa_{10}}{|\kappa_{10}|} = \pm \frac{\kappa_{50}^*}{|\kappa_{50}|} \text{ og } \frac{\kappa_{20}}{|\kappa_{20}|} = \pm \frac{\kappa_{40}^*}{|\kappa_{40}|} \quad (\text{D235})$$

D.v.s. kjenner me fasen på t.d. $\hat{F}_{e,1}$ kjenner me også fasen på $\hat{F}_{e,5}$, bortsett frå ei uvisse på $\pi = 180^\circ$. Ein tilsvarende samanheng gjeld mellom fasane for eksitasjonskrafta $F_{e,2}$ for slingring og eksitasjonsmomentet $F_{e,4}$ for rulling. Merk vidare at

$$R_{11}R_{55} = R_{15}^2 \quad (\text{D235a})$$

$$R_{22}R_{44} = R_{24}^2 \quad (\text{D235b})$$

for sirkulærsymmetriske kroppar.

For strålingsimpedansmatrisa gjeld (D38) og (D135c)

$$\begin{aligned} Z_{ji} = Z_{ij} &= -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_i \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} dS \\ &= -i\omega\rho \iint_{S_1} \varphi_{i0} \frac{\partial \varphi_{j0}}{\partial n} \theta_i(\theta)\theta_j(\theta) dS \end{aligned}$$

Merk at på S_1 har \vec{n} ingen θ -komponent. Av (D226) og (D232) følgjer at

$$\tilde{Z} = (Z_{ij}) = \begin{bmatrix} Z_{11} & 0 & 0 & 0 & Z_{15} & 0 \\ 0 & Z_{22} & 0 & Z_{24} & 0 & 0 \\ 0 & 0 & Z_{33} & 0 & 0 & 0 \\ 0 & Z_{24} & 0 & Z_{44} & 0 & 0 \\ Z_{15} & 0 & 0 & 0 & Z_{55} & 0 \\ 0 & 0 & 0 & 0 & 0 & 0 \end{bmatrix} \quad (\text{D238})$$

Med bruk av (D226) og (D231) blir direktiviteten (D215)

$$\left. \begin{aligned} G_3(\gamma) &= 1 \\ G_1(\gamma) &= G_5(\gamma) = 2 \cos^2 \gamma \\ G_2(\gamma) &= G_4(\gamma) = 2 \sin^2 \gamma \end{aligned} \right\} (\text{D239})$$

For optimal hivrørsle blir absorpsjonslengda (D214)

$$d_3 = \frac{1}{k} = \frac{\lambda}{2\pi} \quad (\text{D240})$$

i samsvar med (D216).

Med innfallsretning $\gamma = 0$ og optimal jaging eller optimal stamping blir absorpsjonslengda


$$d_1(0) = d_5(0) = \frac{2}{k} = \frac{\lambda}{\pi} \quad (\text{D241})$$

Det kan visast (Newman 1976) at med optimalt val av \hat{u}_3 og av \hat{u}_1 og/eller \hat{u}_5 kan me få maksimalt absorbert effekt

$$P_{\max} = \left(\frac{\lambda}{2\pi} + \frac{\lambda}{\pi} \right) K = \frac{3\lambda}{2\pi} K \quad (\text{D242})$$

Jfr. oppgave D3. Hiv-modusen genererer ei bølge som er symmetrisk om planet $x = 0$. Jagemodusen og rullemodusen genererer ei bølge som er antisymmetrisk om planet $x = 0$.

To-dimensjonalt tilfelle.



Det problemet me skal sjå på, er to-dimensjonalt i fjernfeltet, med di bølga der er ei plan bølge. Sjølve kroppen og nærfeltet kan vera to-dimensjonalt, men det er ikkje alltid nødvendig. Det kan t.d. vera eit modellforsøk i ei (uendeleg) lang bølgerenne med breidd d som er lita nok til at tverrsvingingar ikkje kan forplanta seg d.v.s. at

$$kd < \pi$$

Jfr. oppg. B2. Det kan og vera ei uendeleg lang rekkje av kroppar som er symmetriske om plana $y = nd/2$ der n er heiltal, og som har svingerørsler utan y -komponentar, nemleg jaging ($q = 1$), hiving ($q = 3$) og stamping ($q = 5$).

Fjernfeltet:

$$\hat{\psi} \rightarrow A(\theta)e(kz) \frac{1}{\sqrt{kr}} e^{-ikr}, \quad kr \rightarrow \infty \quad (D129-3)$$

$$\hat{\psi} \rightarrow A^{\pm} e(kz) e^{-ik|x|} \quad \text{når } kx \rightarrow \pm \infty \quad (D129-2)$$

$$I(\hat{\psi}_i, \hat{\psi}_j^*) = i \frac{f(kh)}{k} \int_0^{2\pi} A_i(\theta) A_j^*(\theta) d\theta \quad (D135-3)$$

For det to-dimensjonale tilfellet er S_{∞} ikkje ein sylinder med $r \rightarrow \infty$, men dei to plana $x = x_0 \rightarrow \infty$ og $x = x_{\pi} \rightarrow -\infty$. Pr. lengdeining i y -retning har me frå før

$$I(\hat{\psi}_i, \hat{\psi}_j^*)/d \equiv I'(\hat{\psi}_i, \hat{\psi}_j^*) = if(kh)(A_i^+ A_j^{+*} + A_i^- A_j^{-*}) \quad (D135-2)$$

Me bruker her apostrof (') for å markera storleik "pr. lengdeining". Me reknar ut den to-dimensjonale versjonen av (D165)

$$H_j(\gamma) = \sqrt{2\pi} A_j(\gamma) e^{i\pi/4} \quad (D165-3)$$

Av (D140) får me, når me integrerer over S_{∞} i staden for S_1

$$H(\gamma) = - \frac{k}{f(kh)} \int_{-h}^0 e^2(kz) dz \int_{-\infty}^{\infty} e^{ik y \sin \gamma} dy$$

$$\times \left[e^{ikx_0 \cos \gamma} A^+ e^{-ikx_0} (-ik - ik \cos \gamma) \right. \\ \left. + e^{ikx_\pi \cos \gamma} A^- e^{ikx_\pi} (-ik + ik \cos \gamma) \right]$$

Me har (B73)

$$\int_{-h}^0 e^{2(kz)} dz = \frac{f(kh)}{2k}$$

og

$$\lim_{Y \rightarrow \infty} \frac{1}{2Y} \int_{-Y}^Y e^{iky \sin \gamma} dy = \begin{cases} 1 & \text{for } \sin \gamma = 0 \\ 0 & \text{for } \sin \gamma \neq 0 \end{cases}$$

Utrekna pr. lengdeining er altså $H'(\gamma) = H(\gamma)/2Y$ null om $\sin \gamma \neq 0$. For eit to-dimensjonalt tilfelle er det elles meiningslaust å ha $\sin \gamma \neq 0$.

Me har difor

$$H'(0) = -\frac{1}{2} A^+ (-ik - ik) = ikA^+$$

og

$$H'(\pi) = -\frac{1}{2} A^- (-ik + ik \cos \pi) = ikA^-$$

} (D165-2)

Med dette får me då av (D135-2) ein to-dimensjonal versjon av (D167)

$$I'(\psi_i, \psi_j^*) = \frac{if(kh)}{k^2} (H_i'(0)H_j^{!*}(0) + H_i'(\pi)H_j^{!*}(\pi)) \quad (D167-2)$$

Med ei superponering av ei innkomande bølge ϕ og ei bølge ψ som oppfyller strålingsvilkåret

$$\phi_{i,j} = \phi_{i,j} + \psi_{i,j} \quad (D136)$$

har me dei to-dimensjonale versjonane (D142) og (D172) med $\gamma = 0$ eller $\gamma = \pi$ (merk at $\gamma = \pi + \pi = 2\pi \hat{=} \gamma = 0$)

$$I'(\phi_i, \phi_j) = \frac{gf(kh)}{i\omega k} \left\{ \eta_{oi} H_j'(\pi + \gamma_i) - \eta_{oj} H_i'(\pi + \gamma_j) \right\} \quad (D142-2)$$

$$I'(\phi_i, \phi_j^*) = \frac{gf(kh)}{i\omega k} \left\{ \eta_{oi} H_j'^*(\gamma_i) + \eta_{oj}^* H_j'(\gamma_j) \right\} \quad (D172-2)$$

$$+ \frac{if(kh)}{k^2} \left\{ H_i'(0) H_j'^*(0) + H_i'(\pi) H_j'^*(\pi) \right\}$$

På lengda d (i y -retning) er det ei eksitasjonskraft $\hat{F}'_{e,q} d$, der $q = 1, 3$ eller 5 i det to-dimensjonale tilfellet. Med ei innkomande bølge ϕ_i har me for $\hat{F}'_{e,q}$ følgjande uttrykk

$$\hat{F}'_{e,q} = i\omega\rho I'(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \phi_q) \quad (D148-2)$$

$$= i\omega\rho I'(\hat{\phi}_i, \phi_q) \quad (D151-2)$$

$$= \frac{\rho gf(kh)}{k} \eta_{oi} h_q'(\pi + \gamma) \quad (D149-2)$$

der $\gamma = 0$ eller $\gamma = \pi$ etter som den innkomande bølge går i positiv eller negativ x -retning.

På lengda d (i y -retning) er det ei strålingsresistansmatrise $R'_{ij} d$, der $i, j = 1, 3$ eller 5 , og der

$$R'_{ij} = -\frac{i\omega\rho}{2} I'(\phi_i, \phi_j^*) \quad (D173-2)$$

$$= \frac{\omega\rho f(kh)}{2k^2} \left\{ h_i'(0) h_j'^*(0) + h_i'(\pi) h_j'^*(\pi) \right\} \quad (D174-2)$$

Siste leddet i (D174-2) representerer den effekten som strålar ut i negativ x -retning.

På lengda d (i y -retning) er den absorberte effekten $P' d$ der

$$P' = P'_i - P'_r \quad (D189-2)$$

med

$$P'_i = \text{Re} \left\{ \frac{i\omega\rho}{2} I'(\hat{\phi}_i + \hat{\psi}_d, \hat{\phi}_i^*) \right\} \quad (D190-2)$$

$$= \text{Re} \sum_{q=1,3,5} \left(\frac{1}{2} \hat{F}'_{e,q} \hat{u}_q^* \right) \quad (D195-2)$$

og med

$$P'_r = - \frac{i\omega\rho}{4} I'(\hat{\phi}_r, \hat{\phi}_r^*) \quad (\text{D191-2})$$

$$= \sum_{\substack{i,j= \\ 1,3,5}} \left(\frac{1}{2} R'_{ji} \hat{u}_i \hat{u}_j^* \right) \quad (\text{D196-2})$$

På lengda d (i y -retning) er eksitasjonskraftkoeffisienten

$$\kappa'_q(\gamma)d = \frac{\hat{F}_{e,q}}{\eta_{oi}} = \frac{\rho g f(kh)d}{k} h'_q(\pi + \gamma) \quad (\text{D206-2})$$

($\gamma = 0, \pi$). Med bruk av (D174-2) får me samanhengen

$$R'_{ij} = \frac{\omega}{2\rho g^2 f(kh)} \left\{ \kappa'_i(\pi) \kappa'_j{}^*(\pi) + \kappa'_i(0) \kappa'_j{}^*(0) \right\} \quad (\text{D210-2})$$

Me skal seinare generalisera desse resultatata til tilfellet med skrått innfall mot ei uendeleg lang rekkje av svingande kroppar. Sjå (K30) og (K45).

Effektabsorpsjon med ein modus i det to-dimensjonale tilfellet.

Me ser på ein modus $q = 1, 3$ eller 5 . Etter ovanstående har me for den absorberte effekten pr. lengdeining

$$P' = \frac{1}{2} \text{Re}(\hat{F}'_{e,q} \hat{u}_q^*) - \frac{1}{2} R'_{qq} |\hat{u}_q|^2 \quad (\text{D251})$$

Med ei plan innkomande bølge som forplantar seg i positiv x -retning (d.v.s $\gamma = 0$) er effekttransporten pr. lengdeining gjeven av (B75)

$$K = \frac{\rho g^2 f(kh)}{4\omega} |\eta_o|^2 \quad (\text{D252})$$

Me fører inn fasevinkelen β_q mellom fart og eksitasjonskraft

$$e^{i\beta_q} = \frac{\hat{u}_q}{\hat{F}'_{e,q}} \left| \frac{\hat{F}'_{e,q}}{\hat{u}_q} \right| \quad (\text{D253})$$

Sidan me har berre ein modus, sløyfer me indeksen q :

Me har no

$$\frac{P'}{K} = \frac{2\omega}{\rho g^2 f(kh)} \left(\frac{|\hat{F}'_e \hat{u}|}{|\eta_0|^2} \cos\beta - R' \left| \frac{\hat{u}}{\eta_0} \right|^2 \right) \quad (D254)$$

Me set inn for \hat{F}'_e frå (D149-2) og for R' frå (D174-2):

$$\begin{aligned} \frac{P'}{K} &= \frac{2\omega}{\rho g^2 f(kh)} \left(\frac{\rho g f(kh)}{k} |h'(\pi)| \left| \frac{\hat{u}}{\eta_0} \right| \cos\beta \right. \\ &\quad \left. - \frac{\omega \rho f(kh)}{2k^2} (|h'(0)|^2 + |h'(\pi)|^2) \left| \frac{\hat{u}}{\eta_0} \right|^2 \right) \end{aligned} \quad (D255)$$

Me har vidare (J129) og (J22a)

$$\varphi_i \sim a_i(\theta) e(kz) (kr)^{-\frac{1}{2}} e^{-ikr} \quad (K11)$$

$$a_i(\theta) = b_i(\theta) e^{ik(r-r_i)} = b_i(\theta) e^{ikd_i \cos(\theta - \alpha_i)} \quad (K12)$$

Med ei innkomande bølge

$$\eta_o = \eta_{oo} e^{-ik(x \cos \gamma + y \sin \gamma)} = \eta_{oo} e^{-ikr \cos(\theta - \gamma)} \quad (K13)$$

er eksitasjonskrafta (J34):

$$F_{e,i} = \kappa_i(\gamma) \eta_o(X_i, Y_i) \quad (K14)$$

der

$$\eta_o(X_i, Y_i) = \eta_{oo} e^{-ikd_i \cos(\alpha_i - \gamma)}$$

er den (uskipla) innkomande bølgeja i posisjonen av oscillator nr. i , d.v.s. av kropp nr. p . Vidare er eksitasjonskraftkoeffisienten


$$\kappa_i(\gamma) = \frac{\rho g f(kh)}{k} \sqrt{2\pi} b_i(\gamma + \pi) e^{i\pi/4} \quad (\text{K15})$$

Vidare har me strålingsimpedansmatrisa (J25)

$$Z_{ij} = -i\omega\rho \iint_S \varphi_j \frac{\partial \varphi_i^*}{\partial n} dS \quad (\text{K16})$$

og strålingsresistansmatrisa (J29):

$$\begin{aligned} R_{ij} &= \frac{\omega\rho f}{2k} \int_0^{2\pi} a_i(\theta) a_j^*(\theta) d\theta \\ &= \frac{\omega\rho f}{2k} \int_0^{2\pi} b_i(\theta) b_j^*(\theta) e^{-ikd_{ji} \cos(\theta - \alpha_{ji})} d\theta \end{aligned} \quad (\text{K17})$$



I fjernfeltet: $\theta_i = \theta_j \approx \theta$

$$r_i - r = -d_i \cos(\alpha_i - \theta)$$

$$r_i - r_j = d_{ji} \cos(\alpha_{ji} - \theta)$$

$$R_{ij} = \frac{\omega\rho f}{2k} \int_0^{2\pi} b_i(\theta) b_j^*(\theta) e^{-ik(r_i - r_j)} d\theta$$

Ei rett linje av like kroppar.

Like kroppar plasserte i innbyrdes jamn avstand d langs y -aksen. Kropp nr. p i posisjon $Y_p = pd$. Alle kroppane er likt orienterte i retning.


Tilfellet med at alle kroppane svingar med same komplekse fartamplituden er eigentleg behandla før (i kap. D), med di dei då kan sjåast på som ein einaste (men ikkje-samanhengande) kropp. No skal me sjå på tilfelle der kroppane ikkje svingar med same fart.

Me skal sjå på ei plan bølge som fell inn under ein vilkårleg innfallsvinkel γ . For ei uendeleg rekkje av kroppar kan all innfallande bølgeenergien absorberast under visse vilkår. I såfall må kroppane svinga i minst to svingemodi, og avstanden d må liggja under ei viss grense. Om kvar kropp svingar i berre ein modus, vil høgst halvparten av den innfallande bølgeenergien kunna absorberast.

Me skal dessutan gå ut frå at fjernfeltkoeffisienten $b_i(\theta)$ for modus nr. q er den same i kvar kropp, same kor i rekkja kroppen er. Altså

$$b_i(\theta) = b_{6p+q}(\theta) = b_q(\theta) \quad \text{uavhengig av } p \quad (\text{K18})$$

Denne føresetnaden er sjølvstøtt oppfylt når det er tale om ei uendeleg lang rekkje av kroppar. For ei endeleg lang rekkje vil det særleg nær enden av rekkja vera annleis. Men dersom kroppane er små ("punktoscillatorar"), så den utstrålte bølge frå ein vilkårleg kropp blir lite diffraktert på dei andre kroppane, då vil føresetnaden vera oppfylt med god



tilnærming også for ei endeleg rekkje av kroppar.

Etter denne føresetnaden blir eksitasjonskraftkoeffisienten - i samsvar med (K15) -

$$\kappa_i(\gamma) = \kappa_q(\gamma) \quad \text{uavhengig av } p \quad (\text{K19})$$

Eksitasjonskrafta er etter (K14) og (K13)

$$F_{e,i} = \kappa_i(\gamma)\eta_o(0,pd) = \kappa_q(\gamma)\eta_{oo}e^{-ikpd} \sin\gamma \quad (\text{K20})$$

$$F_{e,i} = F_{oq}e^{-ikpd} \sin\gamma \quad (\text{K21})$$

der

$$F_{oq} = \kappa_q(\gamma)\eta_{oo} \quad (\text{K22})$$

er eksitasjonskrafta for kroppen svarande til $p = 0$, d.v.s. den kroppen som har sitt referansepunkt i origo.

P.g.a. føresetnaden (K18) gjev (K17)

$$\begin{aligned} R_{ij} &= R_{6p+q,6p'+q'} = \\ &= \frac{\omega p f}{2k} \int_0^{2\pi} b_q(\theta) b_{q'}^*(\theta) e^{ik(r_{p'} - r_p)} d\theta = \\ &= \frac{\omega p f}{2k} \int_0^{2\pi} b_q(\theta) b_{q'}^*(\theta) e^{ikd(p-p') \sin\theta} d\theta \\ &= R_{qq}, \{k(p-p')d\} \end{aligned} \quad (\text{K23})$$


$$= \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f} \int_0^{2\pi} \kappa_q(\theta-\pi) \kappa_{q'}^*(\theta-\pi) e^{ikd(p-p') \sin\theta} d\theta$$

Her har me også brukt (K15).

For å rekna ut den totalt absorberte effekten P , kan me setja desse resultatata (K21) - (K23) inn i (K3). Ved inversering av strålingsresistansmatrisa kan me og etter (K7) finna den maksimalt absorberte effekten. Nokre slike tilfelle med N hivande punktabsorbatorar er drøfta av Evans (1979, Symposium on Wave Energy Utilization, Gøteborg). Men er det

mange kroppar, blir det ei stor matrise å invertera.

Me skal i staden gjera det enklare og rekna med same svingeåmplitudar i alle kroppane, og med innbyrdes fasar som for den uforstyrta innkomande bølge. Jfr. Budal (1977, Journal of Ship Research, 21, jfr. 248 - 253). Me set altså



$$u_i = u_{6p+q} = u_q e^{-ikpd \sin \gamma}$$

(K24)

For ei uendeleg lang rekkje av kroppar ($N \rightarrow \infty$) må det sjølvstøtt vera slik også for det optimale tilfellet med maksimal energiabsorpsjon. For ei endeleg lang rekkje, derimot, vil ende-effektar gjera at dette ikkje treng svara til den optimale situasjonen (bortsett frå tilfellet med normalt innfall mot $N = 2$ kroppar). Kor mykje mindre den absorberte effekten blir, er drøfta av Evans (1979). Dersom talet N på kroppar er eit stort tal, vil ende-effektane ha relativt lite å seia, så me får ein absorbert effekt som er nær opp til den teoretisk maksimale.

Med innsetjing av (K21) - (K24) i (K3) får me for den totalt absorberte effekten

$$P = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\eta_{00} \sum_q \kappa_q(\gamma) u_q^* \sum_p 1) - \frac{1}{2} \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f} \sum_{q, q'} u_q^* u_q \sum_{p, p'} e^{-ikd(p-p') \sin \gamma} \quad (K25)$$

$$\cdot \int_0^{2\pi} \kappa_q(\theta - \pi) \kappa_{q'}^*(\theta - \pi) e^{ikd(p-p') \sin \theta} d\theta$$

Mellomrekning:

$$\begin{aligned} \sum_{p,p'} e^{ikd(p-p')(\sin\theta - \sin\gamma)} &= \left| \sum_{p=0}^{N-1} e^{ikdp(\sin\theta - \sin\gamma)} \right|^2 = \\ &= \left| \frac{1 - e^{ikd(\sin\theta - \sin\gamma)N}}{1 - e^{ikd(\sin\theta - \sin\gamma)}} \right|^2 = \frac{\sin^2\{Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}}{\sin^2\{kd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}} \end{aligned}$$

Her har me brukt summeformelen for ei geometrisk rekkje.

Dessutan er

$$\sum_{p=0}^{N-1} 1 = N$$

Den middels absorberte effekten pr. svingande kropp er difor

$$\frac{P}{N} = \frac{1}{2} \operatorname{Re} \left\{ \eta_{\infty} \sum_{q=1}^6 \kappa_q(\gamma) u_q^* \right\} - \frac{1}{2} \sum_{qq'} R_{N,qq'} u_q^* u_q \quad (\text{K28})$$

der

$$R_{N,qq'} = \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f} \int_0^{2\pi} \kappa_q(\theta - \pi) \kappa_{q'}^*(\theta - \pi) \frac{\sin^2\{Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}}{N \sin^2\{kd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}} d\theta \quad (\text{K29})$$

For ei svært lang rekkje av svingande kroppar, har ende-effektane etter måten lite å seia. Me kan rekna at kvar kropp absorberer like mykje effekt. Som ei god tilnærming kan me då forenkla rekninga med å sjå på ei uendeleg lang rekkje.

Uendeleg lang rekkje av svingande kroppar.

Med $N \rightarrow \infty$ blir den absorberte effekten pr. svingande kropp:

$$\begin{aligned} P_0 &= \lim_{N \rightarrow \infty} \frac{P}{N} = \\ &= \frac{1}{2} \operatorname{Re} \left\{ \eta_{\infty} \sum_{q=1}^6 \kappa_q(\gamma) u_q^* \right\} - \frac{d}{2} \sum_{qq'} R'_{qq'}(\gamma) u_q^* u_q \end{aligned} \quad (\text{K30})$$

der me etter (K28) og (K29) har

$$R'_{qq'}(\gamma) = \lim_{N \rightarrow \infty} \left\{ \frac{\omega k}{4\pi \rho g^2 f d} \int_0^{2\pi} \kappa_q(\theta - \pi) \kappa_{q'}^*(\theta - \pi) \frac{\sin^2\{Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}}{N \sin^2\{kd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}} d\theta \right\} = \lim_{N \rightarrow \infty} R_{N,qq'}/d \quad (K31)$$

Merk at (K30) er formelt lik den tilsvarende (D189-2), med (D195-2) og (D196-2), som gjeld for det to-dimensjonale tilfellet, som svarar til loddrett innfall, $\gamma = 0$.

Når $N \rightarrow \infty$, vil integranden i (K31) bli forsvinnende liten bortsett frå ved dei diskrete vinklane $\theta_0, \pi - \theta_0, \theta_1, \pi - \theta_1, \theta_2, \pi - \theta_2, \dots$ som oppfyller

$$\sin\{kd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\} = 0 \quad (K32)$$

D.v.s.

$$\sin\theta = \sin\gamma - n \frac{2\pi}{kd} = \sin\gamma - n \frac{\lambda}{d} \quad (K33)$$

der $n = 0, \pm 1, \pm 2, \dots$ For $n = 0$ gjev dette $\sin\theta = \sin\gamma$, som er oppfylt for

$$\theta = \theta_0 = \gamma \quad \text{og for} \quad \theta = \pi - \theta_0 = \pi - \gamma \quad (K34)$$

Dersom

$$\frac{\lambda}{d} > 1 + \sin|\gamma| \quad (K35)$$

finst det ingen andre reelle løysingar av (K32).

Når $N \rightarrow \infty$ kan me rekna ut integralet i (K31) på følgjande måte (metoden med "stasjonær fase"): Me får tilskot til integralet berre frå dei diskrete vinklane θ_n (og $\pi - \theta_n$) som oppfyller (K32). Då funksjonane $\kappa_q(\theta)$ er kontinuerlege, kan me setja $\kappa_q(\theta) \approx \kappa_q(\theta_n)$ utanfor integrasjonsteiknet. For kvar slik diskret vinkel θ_n får me følgjande tilskot til integralet i (K31)

$$\kappa_q(\theta_n - \pi) \kappa_{q'}^*(\theta_n - \pi) I(\theta_n) \quad (K36)$$

der

$$I(\theta_n) = \int_{\theta_n - \epsilon}^{\theta_n + \epsilon} \frac{\sin^2\{Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}}{N\sin^2\{kd(\sin\theta - \sin\gamma)/2\}} d\theta \quad (K37)$$

og $\epsilon > 0$. Me kan her velja ϵ så liten me vil ved berre å velja N stor nok. Ved rekkjeutvikling om $\theta = \theta_n$ får me

$$\sin\theta = \sin\theta_n + (\theta - \theta_n)\cos\theta_n + O\{(\theta - \theta_n)^2\} \quad (K38)$$

$$\sin\gamma - \sin\theta = -(\theta - \theta_n)\cos\theta_n + O\{(\theta - \theta_n)^2\}$$

Me fører inn ny integrasjonsvariabel:

$$x = \frac{1}{2} Nkd(\theta - \theta_n)\cos\theta_n$$

og får

$$\begin{aligned} I(\theta_n) &= \frac{2}{kd \cos\theta_n} \int_{\theta_n - \epsilon}^{\theta_n + \epsilon} \frac{\sin^2[Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2]}{[Nkd(\sin\theta - \sin\gamma)/2]^2} \frac{Nkd}{2} \cos\theta_n d\theta \\ &= \frac{2}{kd |\cos\theta_n|} \int_{-\infty}^{\infty} \frac{\sin^2 x}{x^2} dx = \frac{2\pi}{kd |\cos\theta_n|} \end{aligned} \quad (K42)$$

Dette integralet konvergerer raskt når integrasjonsgrensene går mot uendeleg. Merk at me difor har kunna setja ϵN lik ∞ .

Då $\cos(\pi - \theta_n) = -\cos\theta_n$ har me også

$$I(\pi - \theta_n) = \frac{2\pi}{kd |\cos\theta_n|}$$

Etter slik å ha rekna ut integralet kan me skriva (K31) som

$$R'_{qq'}(\gamma) = \frac{\omega}{2\rho g^2 f d^2} \sum_{n=0}^{n_{\max}} \frac{\kappa_q(\theta_n - \pi) \kappa_{q'}^*(\theta_n - \pi) + \kappa_q(\theta_n) \kappa_{q'}^*(\theta_n)}{|\cos\theta_n|} \quad (K44)$$

Merk at talet $2(n_{\max} + 1)$ på reelle løysingar av (K32) av-


heng av forholdet λ/d . Her skal vi gå ut frå at (K35) gjeld, slik at $n_{\max} = 0$. Det er då berre eit ledd i summen i (K44). Me har då

$$R'_{qq}(\gamma) = \frac{\omega}{2\rho g^2 f d^2} \frac{\kappa_q(\gamma-\pi)\kappa_q^*(\gamma-\pi) + \kappa_q(\gamma)\kappa_q^*(\gamma)}{|\cos\gamma|} \quad (\text{K45})$$

når

$$\frac{\lambda}{d} > 1 + \sin|\gamma|$$

I effektuttrykket (K30) går det inn ein "effektiv strålingsresistans" $R'_{qq}(\gamma)$ som altså avheng av innfallsvinkelen γ , for di γ - i samsvar med (K24) - går inn i fasen for svingefarten på dei ulike kroppane. P.g.a. denne faseskilnaden blir det (ved konstruktiv interferens) stråla ut plane bølgjer i retningane $\theta = \gamma$ og $\theta = \pi - \gamma$. Når vilkåret (K35) ikkje er oppfylt, eksisterer det andre reelle løysingar av (K32). Dette svarar til at det blir stråla ut plane bølgjer i andre retningar (ved konstruktiv interferens mellom dei ulike kroppane).



For loddrett innfall, $\gamma = 0$, svarar (K45) til det "to-dimensjonale" tilfellet me såg på tidlegare. Sjå (D210-2). Me kan difor utleia eit tilsvarende resultat som (D260), og dermed visa at dersom $\kappa_q(\gamma - \pi) = 0$, kan me optimalt absorbere all innfallande bølgjeenergi, endå om kroppen svingar berre i ein modus q . Jfr. også likn. (46) i Budal (1977) J. Ship Research. Merk at me ikkje kan realisera vilkåret $\kappa_q(\gamma - \pi) = 0$ med berre ei rekkje av punktabsorbatorar. Men det kan tilnærma bli oppfylt t.d. med ei samanhengande rekkje av Salter-"ender".

Symmetriske kroppar i hiving og jaging.

Me går ut frå at kroppane har symmetri om planet $x = 0$ og om planet $y = 0$. I såfall vil hivrørsla gje ei bølgegenerering som er symmetrisk om desse to plana. Difor er

$$\kappa_3(\gamma) = \kappa_3(-\gamma) = \kappa_3(\pi - \gamma) = \kappa_3(\pi + \gamma) \quad (\text{K46})$$

For jagemodusen er det symmetri om planet $y = 0$ og anti-symmetri om planet $x = 0$, slik at

$$\kappa_1(\gamma) = \kappa_1(-\gamma) = -\kappa_1(\pi - \gamma) = -\kappa_1(\pi + \gamma) \quad (\text{K47})$$

Då får me av (K45)

$$R'_{13}(\gamma) = 0 \quad (\text{K48})$$

$$R'_{qq}(\gamma) = \frac{\omega |\kappa_q(\gamma)|^2}{\rho g^2 f d^2 |\cos \gamma|} \quad (\text{K49})$$

for $q = 1$ og $q = 3$. Når me då set $u_q = 0$ for $q = 2, 4, 5$ og 6 , får me av (K30) at den absorberte effekten pr. kropp er

$$P_o = \frac{1}{2} \operatorname{Re}\{\eta_{oo}(\kappa_1(\gamma)u_1^* + \kappa_3(\gamma)u_3^*)\} - \frac{\omega}{2\rho g^2 f d |\cos \gamma|} \left(|\kappa_1(\gamma)u_1|^2 + |\kappa_3(\gamma)u_3|^2 \right) \quad (\text{K50})$$

Formelt skil dette seg frå tilfellet med loddrett innfall berre med faktoren $|\cos \gamma|$ i nemnaren. Jfr. (D189-2) og (D210-2). For loddrett innfall, $\gamma = 0$, har me optimalisert (K50) i oppgåve D3 og funne at den maksimalt absorberte energien er lik heile energien i den innfallande bølge. Ei tilsvarende direkte optimalisering av (K50) m.o.p. u_1 og u_3 kan lett gjennomførast. Optimalt gjeld for $q = 1$ og $q = 3$ at

$$u_q = \frac{\kappa_q(\gamma)\eta_{oo}}{2R'_{qq}(\gamma)d} \quad (\text{K51})$$

noko som impliserer at farten er i fase med eksitasjonskrafta for begge modiane. Med bruk av (K51) og (K49) får me

$$\begin{aligned}
& \frac{1}{2} \operatorname{Re}\{n_{00} \kappa_q(\gamma) u_q^*\} - \frac{\omega |\kappa_q(\gamma) u_q|^2}{2\rho g^2 f d |\cos\gamma|} = \\
& = \frac{1}{2} |n_{00}|^2 \frac{|\kappa_q(\gamma)|^2}{2R'_{qq}(\gamma)d} - \left(1 - \frac{\omega |\kappa_q(\gamma)|^2}{\rho g^2 f d |\cos\gamma| 2R'_{qq}(\gamma)d} \right) = \\
& = \frac{1}{2} |\cos\gamma| \frac{\rho g^2 f d}{4\omega} |n_{00}|^2 = \frac{1}{2} K d |\cos\gamma| \quad (K52)
\end{aligned}$$


der me har brukt (B75) og innført K , effekten transportert pr. lengdeining av bølgefrenten. Av (K50) og (K52) går det fram at me med denne rekkja av symmetriske kroppar ikkje kan absorbera meir enn halvparten av den innkomande bølgeenergien, dersom kroppane svingar i berre ein modus. Jfr. og likn. (40) i Budal (1977), J. Ship Research.

Men med optimal hiving og jaging i samsvar med (K51) gjev (K50) ein absorbert effekt pr. kropp:

$$\boxed{P_{0,\text{maks}} = K d |\cos\gamma|} \quad (K53)$$

Jfr. likn. (53) i Budal (1977), J. Ship Research. Resultatet viser at all energien som fell inn på delinga d projisert inn på bølgefrenten, altså på lengda $|\cos\gamma|d$, blir absorbert av kroppen som svingar optimalt i jaging og hiving. I staden kunne me ha brukt dei to modiane stamping og hiving. Poenget er, på ein optimal måte, å generera ei symmetrisk bølge ved hivørslle og ei antisymmetrisk bølge ved jaging eller stamping, eller eventuelt ved ei kombinert jage- og stamperørslle. Hivørslle og jagerørslle genererer like store bølgjer. I retninga $\theta = \pi - \gamma$ er dei i motfase med kvarandre, $b_1(\pi - \gamma) = -b_3(\pi - \gamma)$ slik at den resulterande bølgeutstrålinga blir null i denne retninga. Derimot er dei i fase med kvarandre i retninga $\theta = \gamma$, altså $b_1(\gamma) = b_3(\gamma)$ slik at dei der "fordoblar" seg til å bli like stor som den innkomande bølga, men har motsett fase, slik at innfallande pluss utstrålt bølge i retninga $\theta = \gamma$ blir null. All innfallande energi er dermed absorbert.

Total absorpsjon av innfallende bølge (a) med ei rekkje av kroppar som strålar i ein symmetrisk modus (b) og ein antisymmetrisk modus (c). Kurve (d) viser det resulterande bølgebiletet.



Endeleg skal me sjå litt på spesialtilfellet med sirkulærsymmetriske punktabsorbatorar under slike forhold at eksitasjonskrafta på kroppen er tilnærma den same som for ein isolert kropp ($N = 1$). Då er $\kappa_3(\gamma) = \kappa_3$ uavhengig av innfallsvinkelen γ . Me får då følgjande generalisering av (G51)

$$R_{33}(\gamma) = R'_{33}(\gamma)d \approx \frac{2R_{03}}{kd|\cos\gamma|} \quad (\text{K54})$$

der $R_{03} \equiv R_{1,33}$ er strålingsresistansen for ein isolert kropp i hivørslle. Resultatet følgjer ved kombinerings av (G15) og (K49). Eksitasjonskraftkoeffisienten for jaging varierer etter (D231) som $\cos\gamma$. Bruker me dessutan (D234) og (K49) finn me

$$R_{11}(\gamma) = R'_{11}(\gamma)d \approx \frac{4R_{01}}{kd} |\cos\gamma| \quad (\text{K55})$$


der $R_{01} \equiv R_{1,11}$ er strålingsresistansen for ein isolert kropp i jagerørslle. For stamperørslle gjeld tilsvarande

$$R_{55}(\gamma) = R'_{55}(\gamma)d \approx \frac{4R_{05}}{kd} |\cos\gamma| \quad (\text{K56})$$

der $R_{05} \equiv R_{1,55}$. Føresetnaden for desse formlane er at eksitasjonskraftkoeffisienten har tilnærma same verdiar anten kroppen er isolert eller han er i ei rekkje. Med eksperiment i ei bølgerenne som forklart i kapittel G kan me lett måla $R_{33}(\gamma)$, $R_{11}(\gamma)$ og $R_{55}(\gamma)$ for loddrett innfall, $\gamma = 0$. Dersom me dessutan måler R_{03} , R_{01} og R_{05} på ein isolert sirkulærsymmetrisk kropp i eit breitt bølgebasseng, kan me eksperimentelt få ein delvis verifikasjon på formlane (K54) - (K56).

Stråling frå oscillerande elektrisk dipol.

Oscillerande dipol




$$p = Ql = \hat{p}e^{i\omega t} \quad (A84)$$

$$\hat{p} = \hat{Q}l$$

$$\hat{I}l = i\omega\hat{Q}l = i\omega\hat{p} = ikc\hat{p} \quad (A86)$$

Frå elektromagnetisk feltteori kan utleiast (t.d. ved bruk av retarderte potensial) at feltet frå ein oscillerande

dipol har følgjande komponentar



$$\begin{aligned} \hat{E}_\varphi &= 0 \\ \hat{H}_r &= 0 \\ \hat{H}_\theta &= 0 \end{aligned} \quad (A87)$$

$$\hat{E}_r = \frac{(ik)^3 \hat{p}}{4\pi\epsilon_0} \left(\frac{2}{(ikr)^3} + \frac{2}{(ikr)^2} + 0 \right) \cos\theta e^{-ikr}$$


$$\hat{E}_\theta = \frac{(ik)^3 \hat{p}}{4\pi\epsilon_0} \left(\frac{1}{(ikr)^3} + \frac{1}{(ikr)^2} + \frac{1}{ikr} \right) \sin\theta e^{-ikr} \quad (A88)$$

$$\hat{H}_\varphi = \frac{(ik)^3 c \hat{p}}{4\pi} \left(0 + \frac{1}{(ikr)^2} + \frac{1}{ikr} \right) \sin\theta e^{-ikr}$$

"nærfelt" fjernfelt

Ein slik dipol \hat{p} kan vera modell for eit atom der (middel-punktet av) den negative elektronladningen svingar att og fram i forhold til den positive kjerneladningen, som nærmast er i ro.


Dipolen \hat{p} kan og vera modell for ein kort radioantenne med lengd $l \ll \lambda$ og matestraum



$$\hat{I} = i\omega\hat{p}/l. \quad (\text{A89})$$

Dette blir i radioteknikken kalla ein Hertz-dipol.

Effekten P_r som strålar ut frå dipolen, finn me ved å integrera Poyntingvektoren $\vec{I} = \vec{S} = \frac{1}{2} \text{Re}(\hat{E} \times \hat{H}^*)$ over ei kule omkring dipolen. Jfr. (A4) og (A51). Merk at felta er uavhengige av φ



$$\begin{aligned} P_r &= \int_0^\pi I_r 2\pi r \sin\theta r d\theta = \\ &= 2\pi \int_0^\pi I_r r^2 \sin\theta d\theta \end{aligned} \quad (\text{A90})$$

Då mediet (vakuum eller luft) kan reknast for tapsfritt, må integralet vera uavhengig av radien. Det er difor berre fjernfeltet som gjev tilskot til P_r .

Me har altså bruk for intensiteten berre i fjernfeltet

$$I_r = \frac{1}{2} \text{Re}(\hat{E}_\theta \times \hat{H}_\varphi^*) = \frac{1}{2} \text{Re} \left(\frac{k^6 \hat{p} \hat{p}^*}{16\pi^2 \epsilon_0} \frac{1}{k^2 r^2} \sin^2\theta \right) + O\{r^{-4}\}$$

NB: Leddet $O\{r^{-3}\}$ er reint imaginært.

$$I_r = \frac{ck^4 \sin^2\theta}{32\pi^2 \epsilon_0 r^2} |\hat{p}|^2 \quad (\text{A91})$$

$$P_r = 2\pi \frac{k^4 c |\hat{p}|^2}{32\pi^2 \epsilon_0} \int_0^\pi \sin^2\theta \sin\theta d\theta$$

$$\int_0^\pi \sin^3\theta d\theta = \int_{\theta=\pi}^{\theta=0} (1-\cos^2\theta) d(\cos\theta) = \int_{-1}^1 (1-x^2) dx = 2\left(1-\frac{1}{3}\right) = \frac{4}{3}$$

Utstrålt effekt frå dipolen er altså

$$\boxed{P_r = \frac{k^4 c |\hat{p}|^2}{12\pi\epsilon_0}} = \frac{\mu_0 \omega^4 |\hat{p}|^2}{12\pi c} \quad (\text{A92})$$

Dipolantenne.

Effekten som strålar ut frå Hertz-dipolen finn me ved å bruka (A86)

$$P_r = \frac{k^4 c |\hat{I}|^2 (l/kc)^2}{12\pi\epsilon_0} = \frac{1}{2} \frac{(kl)^2}{6\pi\epsilon_0 c} |\hat{I}|^2$$

Samanliknar me med (A60b) ser me at Hertz-dipolen har ein strålingsresistans

$$\boxed{R_{r,el} = \frac{(kl)^2}{6\pi\epsilon_0 c} = \frac{\eta_0 c (kl)^2}{6\pi} = \frac{Z_0}{6\pi} (kl)^2 = (kl)^2 \frac{377\Omega}{6\pi}} \quad (\text{A94})$$

$$R_{r,el} = (kl)^2 20,0 \text{ ohm} \quad (\text{A95})$$


Når dipolføresetnaden $l \ll \lambda$ eller $kl \ll 1$ ikkje er oppfylt trengst ein modifisert analyse. Jfr. antenneteorien.

Formelen (A95) gjeld altså for så korte dipolantenner at $R_{r,el} < 20 \text{ ohm}$.

Vi har utleidd formelen under føresetnad av at straumen \hat{I} er konstant over heile lengda l . For ein tynn tråd er straumen null på enden.

Me kan definera ei effektiv lengd l_{eff} ved

$$\hat{I} l_{\text{eff}} = \int_{-l/2}^{l/2} \hat{I}(z) dz$$



der \hat{I} er strømmen ved matepunktet. Det resulterende dipolmomentet er

$$\hat{p} = \frac{\hat{I}l_{\text{eff}}}{i\omega}$$

slik at strålingsresistansen for dipolen er

$$R_{r,el} = (kl_{\text{eff}})^2 20,0 \text{ ohm} \quad (\text{A95a})$$

Merk at når $kl \ll 1$ vil fjernfelte frå alle antenneelementa dz interferera konstruktivt. For lengre antenner vil det bli destruktiv interferens og utrekninga av det resulterande fjernfeltet må ta omsyn til det. For ei tynn halvbølgjeantenne ($l = \lambda/2$) eller ein "halvbølgjedipol" gissar ein på ei straumfordeling


$$\hat{I}(z) = \hat{I} \cos kz$$

der \hat{I} er strømmen i matepunktet. Resultantfeltet blir som frå ein superposisjon av Hertz-dipolar med minkande dipolmoment utover mot enden av antenna. Ved integrasjon vil ein finna

$$R_{r,el} = 73,1 \text{ ohm}$$

Målte verdiar for praktiske halvbølgjedipolar ligg gjerne i området 65 til 72 ohm. Strålingsreaktansen som heng saman med nærfeltet (lagringsfeltet) er gjerne ca. 40 ohm.

Formelen (A95) brukt ukritisk gir for stor verdi når $kl = \pi$ ($\ll 1$), nemleg: $\pi^2 20 \text{ ohm} = 197 \text{ ohm}$.



Absorpsjonstverrsnitt for ein Hertz-dipol.

Me går ut frå at ei innfallande plan bølge med vertikalpolarisert elektrisk felt \hat{E}_i induserer ei eksitasjonsspenning

$$\hat{U}_e = \hat{E}_i l$$

i dipolen. Med bruk av (A94) og innsetjing i (A83) får me

$$P_{\max} = \frac{|\hat{E}_i l|^2 6\pi\epsilon_0 c}{8(kl)^2} = \frac{3\pi\epsilon_0 c}{4k^2} |\hat{E}_i|^2$$

Merk at l fell ut av samanhengen. Antennedimensjonen er ikkje avgjerande (anna enn at $l \ll \lambda$). Etter (A50) er den innfallande intensiteten

$$I_i = \frac{1}{2} \epsilon_0 c |\hat{E}_i|^2$$

Absorpsjonstverrsnittet blir

$$A_a = \frac{P_{\max}}{I_i} = \frac{3}{2} \frac{\pi}{k^2} = \frac{3}{2} \frac{\lambda^2}{4\pi}$$

For ein rundstrålar er $A_a = \frac{\lambda^2}{4\pi}$. Jfr. (A72) og oppg. A2. At me her får 50% større absorpsjonstverrsnitt heng saman med at Hertz-dipolen ikkje strålar isotropt, og vidare med at me her har gått ut frå den mest gunstige retningsorienteringa av mottakarantenna, nemleg med dipolen retta parallelt med polarisasjonsretninga for det elektriske feltet i den innfallande plane bølga

Med $\nu = \omega/2\pi = 3 \cdot 10^6$ Hz er $\lambda = \frac{c}{\nu} = 100$ m og

$$A_a = \frac{3}{2} \frac{100^2}{4\pi} = 1194 \text{ m}^2 \quad (\text{A96})$$

trass i at antennelengda l er mykje mindre enn 100 m. Me ser at den absorberte effekten ved resonansavstemt og resistanstilpassa antennekrets ikkje er korrelert med dimensjonen på antenna.

Vekselverknad mellom lys og eit atom (klassisk, og ikkje-kvantemekanisk teori her).

Ein molekyl eller eit atom blir elektrisk polarisert når der er eit elektrisk felt.

Det elektriske feltet i lyset induserer ein elektrisk dipol i partikkelen som oscillerer med lysfrekvensen. Den oscillerande dipolen sender ut lys i ymse retningar (mest i retninga $\theta = \frac{\pi}{2}$ - jfr. (A91) - der $\theta = 0$ svarar til dipolretninga, d.v.s. retninga til feltet i det innfallande lyset som i atmosfæren er upolarisert lys).

Det spreidde lyset frå luftmolekylane er ansvarleg for at himmelen ser blå ut, trass i at sollyset har ein etter måten svak styrke i den blå enden av spektret. Det blå lyset, som har størst ω , dominerer likevel i det spreidde lyset p.g.a. faktoren ω^4 i (A92). Det raude lyset blir spreidd minst. Dette forklarar kvifor himmelen er raudfarga nær solrenning og solefall.

Desse effektane forsvinn ved overskya ver fordi partiklane (vassdropane) i skyene er så store at føresetnaden for (A92), nemleg $l \ll \lambda$ ikkje gjeld. Skyene er kvite eller grå.

Sterkere vekselverknad mellom lys og atom, blir det når lyset er i resonans med atomet:

Me ser på ein klassisk harmonisk oscillator (oscillerande dipol) som ein modell for eit lys-absorberande og lys-emitterande atom. Atomet har altså ein eigenfrekvens ω

(svarande til spektrale absorpsjons- og emisjonslinjer).

I nullte orden lyder den oscillerande dipolen differensiallikninga

$$m_e (\ddot{s} + \omega^2 s) = 0$$

Her er m_e - elektronmassen og s posisjonen til elektronet (eller middelposisjonen til "elektronskya"). Denne har ei løysing $s = s_0 e^{i\omega t}$ svarande til udempa frie svingingar.

$$m_e (\ddot{s} + \omega^2 s) = 0$$

$$\frac{1}{2} m_e (\dot{s})^2 + \frac{1}{2} \omega^2 m_e s^2 = W = \text{konst}$$

$$W_k + W_p = W$$

): Totalenergien fordeler seg på kinetisk og potensiell energi. Utsvinget kan uttrykkjast ved dipolmomentet

$$p = es$$

$$W_k = \frac{1}{2} m_e (\dot{s})^2 = \frac{1}{2} \frac{m}{e^2} (\dot{p})^2$$

$$W_p = \frac{1}{2} \omega^2 m_e s^2 = \frac{1}{2} m \left(\frac{\omega}{e} \right)^2 p^2$$

$$W = W_k + W_p = \frac{1}{2} \frac{m}{e^2} (\dot{p}^2 + \omega^2 p^2) = \frac{1}{2} \frac{m}{e^2} \omega^2 p_0^2$$

Men dei frie svingingane er ikkje udempa. Energitalpet pr. tidseining er etter (A92)

$$\dot{W} = -P_r = -\frac{\mu_0 \omega^4 p_0^2}{12\pi c}$$

$$\frac{\dot{W}}{W} = -\frac{\mu_0 \omega^4 2e^2}{12\pi c m \omega^2} = -\frac{2\mu_0 e^2 \omega^2}{12\pi c m}$$

Energien minkar altså eksponensielt med tida

$$W \propto e^{-\frac{2\mu_0 e^2 \omega^2}{12\pi c m} t}$$

$$s_0 \propto p_0 \propto W^{\frac{1}{2}} \propto e^{-\frac{\mu_0 e^2 \omega^2}{12\pi c m} t} = e^{-\delta t}$$

Dempingskoeffisienten

$$\delta = \frac{\mu_0 e^2 \omega^2}{12\pi c m}$$

For atom er $\delta \ll \omega$.

Ser me på tvungne svingingar for oscillatoren, vil me ha ei skarp resonanskurve med halvverdibreidd

$$\Gamma = 2\delta = \frac{\mu_0 e^2 \omega^2}{6\pi c m}$$

Jfr. t.d. Westin, Svingningslære, kap. 3., s. 12. Dette er den naturlege linjebreidda for spektrallinja. Den relative halvverdibreidda er

$$\frac{\Gamma}{\omega} = \frac{\mu_0 e^2 \omega}{6\pi c m_e}$$

For synleg lys er $\frac{\Gamma}{\omega} \ll 1$.

$$\lambda = 2\pi/k = 2\pi c/\omega$$

$$\left| \frac{\Delta\lambda}{\lambda} \right| = \left| -\frac{\Delta\omega}{\omega} \right| \approx \left| -\frac{\Gamma}{\omega} \right|$$

Naturleg linjebreidd:

$$\begin{aligned} (\Delta\lambda)_{\text{naturleg}} &= \frac{\Gamma}{\omega} \lambda = \frac{\mu_0 e^2 \omega \lambda}{6\pi c m_e} = \frac{\mu_0 e^2}{3m} \\ &= \frac{4\pi \cdot 10^{-7} \cdot (1,6 \cdot 10^{-19})^2}{3 \cdot 9,11 \cdot 10^{-31}} = 1,18 \cdot 10^{-14} \text{ m} \end{aligned}$$

Synleg lys (gult) $\lambda = 0,56 \text{ nm}$

$$\frac{\Delta\lambda}{\lambda} = \frac{1,18 \cdot 10^{-14}}{0,56 \cdot 10^{-6}} = 2 \cdot 10^{-8} \quad (\text{klassisk})$$

I tillegg til den naturlege linjebreidda kan spektrallinja ha tilleggsbreidd (kollisjonsbreiing, dopplerbreiing).

Då $\delta = R/2m$ (jfr. Westin, Svingningslære) kan me gjerne definera ein mekanisk strålingsresistans for atomet

$$R_r = 2m_e \delta = 2m_e \frac{\mu_0 e^2 \omega^2}{12\pi c m_e} = \frac{\mu_0 e^2 \omega^2}{6\pi c}$$

VEDLEGG 2.

REKNEOPPGAVER TIL ØVING.

Oppgave A1. (Strålingsimpedansen for ei pulserande kule).

Ei frittstående kule med radius a strålar ut ei akustisk kulebølge. Overflata av kula svingar radielt med farten $u = \hat{u} e^{i\omega t}$. For $r > a$ kan bølga uttrykkjast ved lydtrykket

$$p = \frac{A}{r} e^{i(\omega t - kr)}$$

og (den radielt retta) partikkelfarten

$$v = v_r = \left(\frac{1}{ikr} + 1 \right) \frac{A}{\rho c r} e^{i(\omega t - kr)}$$

(Jfr. "Bølgjelære", § 14 og § 15).

Bruk grensevilkåret $u = v|_{r=a}$ til å finna koeffisienten A og finn strålingsimpedansen Z_r , strålingsresistansen R_r og den adderte massen m_r . Utlei Z_r med utgangspunkt i reaksjonskrafta frå bølga. Kontroller resultatet for R_r med utgangspunkt i den utstrålte effekten.

Oppgave A2. (Akustisk punktabsorbator)

Sjå på ei frittstående pulserande kule. Kula skal brukast som mikrofon. Radien a for kula er så mykje mindre enn bølglengda ($ka \ll 1$) at me kan sjå på mikrofonen som ein punktabsorbator. Når $ka \ll 1$, er strålingsresistansen

$$R_r \approx 4\pi a^2 \rho c.$$

Kuleoverflata har ein masse m og ein stivhet S mot radielle utsving. Dessutan er der ein mekanisk resistans R som t.d. kan realiserast ved elektrodynamisk konvertering av den absorberte energien til elektrisk energi. Det fell ei harmonisk plan bølge

$$p_i = A_0 e^{i(\omega t - kx)}$$

inn mot kula. For ein punktabsorbator kan me sjå bort frå spreidde (reflekterte og diffrakterte) bølger.

Svingeparametrene er dimensjonerte slik at me får resonansabsorpsjon. Finn den maksimale absorberte effekten P_{\max} uttrykt ved A_0 , a , k og ρc . Vis også at absorpsjonstverrsnittet for den frittstående kula er $\lambda^2/4\pi$.

Oppgave A3. (Kort dipolantenne)

Ei vertikal jorda antenne

med høgd $h = 4$ m har ved

$v = \omega/2\pi = 3$ MHz (eller

$\lambda = 100$ m) ei effektiv høgd

$h_{\text{eff}} = 2$ m. Matepunktet for

antenna er ved jordplanet og

antenna er kopla til ein

elektrisk krets som skissert

i figuren. Vis at strålings-


resistansen er $R_s = 0,63$ ohm.

Antenna blir brukt til mottaking av ei plan bølge med vertikalpolarisert elektrisk felt som har amplitude $|E_i| = 10^{-3}$ V/m.

Antennekretsen er både resistanstilpassa og avstemt til resonans.

Rekn ut den effekten som blir absorbert av antennekretsen.

Rekn og ut absorpsjonstverrsnittet for antenna.



Oppgave B1. (Refleksjon av plan bølge ved vertikal vegg)

Vis at ei tyngdebølge med elevasjon, som har kompleks amplitude

$$\hat{\eta}_i = \eta_0 \exp\{-ik_x x - ik_y y\} \quad (1)$$

kan forplanta seg på eit uendeleg stort vatn med konstant djupn h . Uttrykk k_x og k_y ved vinkelrepetensen k og vinkelen γ mellom forplantingsretninga og x -aksen.

Oppgave B3. (Svinnmodus)

Den komplekse amplituden $\hat{\phi}$ til fartpotensialet må oppfylle Laplace-likninga. Ei plan bølge, som forplantar seg i x-retning på eit uendeleg stort vatn med konstant vassdjupn h, er drøfta i forelesningane. Bølgja er av typen

$$\hat{\phi} = X(x)Z(z), \text{ der } X''(x) = -k^2 X(x) \text{ og } Z''(z) = k^2 Z(z),$$

og der k har ein ein-eintydig positiv verdi for gitt ω .

Vis at separasjonskonstanten $\lambda = k^2$ må vera reell (når ω er reell).

Det er mogleg å finna andre partikulære løysingar for $\hat{\phi}$ svarande til visse negative verdiar på λ , $\lambda = -m^2$. Finn den (transcendente) likninga som m må oppfylle, og vis korleis ein grafisk kan finna løysingar $\{m_n\} = \{m_1, m_2, m_3, \dots\}$. Finn det tilsvarande fartpotensialet $\hat{\phi}_n$. (Føresetnaden er at eit område $x > x_{\max}$ og/eller $x < x_{\min}$ er ekskluderte frå det området av x-aksen der løysinga gjeld.) Slike løysingar svarar til såkalla svinnmodi eller svinn-"bølgjer" (engelsk: evanescent modes, evanescent waves).

Vis at svinn-"bølgjer" ikkje overfører energi (i tidsmiddel).

Oppgave B4. (Ortogonal funksjonssett $\{Z_n(z)\}$)


Med separasjonsmetoden finn me at eit fartpotensial med kompleks amplitude

$$\hat{\phi} = Z(z) H(x,y)$$

er ei partikulær løysing av Laplace-likninga dersom

$$\nabla_H^2 H = \frac{\partial^2 H}{\partial x^2} + \frac{\partial^2 H}{\partial y^2} = -\lambda H$$

Me tenkjer oss at bølgja (1) i området $x < 0$ blir reflektert ved ein stillestående vertikal vegg i planet $x = 0$. Bruk grensevilkåret ved vegen til å finna den resulterande bølgja



$$\hat{\eta} = \hat{\eta}_i + \hat{\eta}_s$$

der $\hat{\eta}_s$ står for den reflekterte bølgja. Påvis at refleksjonsvinkelen er lik innfallsvinkelen.

Oppgave B2. ("Tverrsvingingar" i ei bølgjerenne)

Ei uendeleg lang bølgjerenne i området $-\frac{d}{2} < x < \frac{d}{2}$ er avgrensa av faste plane vegger, plana $x = -d/2$ og $x = +d/2$. Renna har konstant vassdjupn h.

Vis at det i y-retning kan forplanta seg harmoniske bølgjer, av typen

$$\eta = (A \exp\{-ik_x x\} + B \exp\{ik_x x\}) \exp\{-iky\}$$

Bruk grensevilkåra til å finna krav som k_x må oppfylle. Kva vilkår må vinkelfrekvensen ω oppfylle for at det ikkje skal kunna vera tverrsvingingar i renna?

Utlei uttrykk for fasefarten $v_f = \omega/k_y$ og gruppefarten $v_g = d\omega/dk_y$ for bølgjer som forplantar seg i y-retning i bølgjerenna.

(3)

hvor $\ell \Delta Y = 2\pi$

Dette kan også skrives på integralform.

$$E = \frac{1}{2} \rho g \int_0^{\infty} \int_0^{\ell} |A(\omega, \gamma)|^2 d\omega d\gamma \quad (4)$$

På samme måte kan sjøoverflatens posisjon skrives som

$$\eta(x, y, t) = \operatorname{Re} \sum_{m=1}^{\infty} \sum_{n=1}^{\ell} \hat{A}'(\omega_m, \gamma_n) \exp[i(\omega_m t - ik_m x \cos \gamma_n + y \sin \gamma_n)] \Delta \omega \Delta \gamma \quad (5)$$

Her er $\hat{A}'(\omega, \gamma)$ en kompleks amplitude med vilkårlig fase i intervallet 0 til 2π . Finn sammenhengen mellom $|\hat{A}'(\omega, \gamma)|$ og $|A(\omega, \gamma)|$. Vis ut fra likn. (5) at

$$\overline{\eta^2} = \frac{1}{2} \sum_{m=1}^{\infty} \sum_{n=1}^{\ell} |A(\omega, \gamma)|^2 \Delta \omega \Delta \gamma \quad (6)$$

hvor

$$\overline{\eta^2} \stackrel{\text{def}}{=} \lim_{T, L_x, L_y \rightarrow \infty} \frac{1}{T L_x L_y} \int_0^T \int_0^{L_x} \int_0^{L_y} \eta^2 dt dx dy \quad (7)$$

Oppgave D1. (Strålingsresistans for vertikal plate)

Ei bølgerenne med breidd d og djupn h har i den eine enden ($x = 0$) ein bølgegenerator i form av ei stiv vertikal plate (rektangulært stempel) som svingar harmonisk med fart-amplitude u_1 (rein jagerørslø) og med vinkelfrekvensen ω . I den andre enden av bølgerenna er ein ideell absorberator, d.v.s. me kan rekna som om bølglengda er uendeleg lang ($0 < x < \infty$).

Finn eit eksakt uttrykk for fartpotensialet i den genererte bølgeja. (Svaret, som er ei uendeleg rekkje, inneheld parametrar som må definerast implisitt ved transcendentte likningar.)

Bruk elementære funksjonar til å uttrykkja strålingsresistansen R_{11} ved vinkelrepetensen k , væsketettleiken ρ og lengdene h og d .

og

$$Z'' = \frac{d^2 Z}{dz^2} = \lambda Z$$

der λ er den såkalla separasjonskonstanten. Her må funksjonen $Z(z)$ oppfylla randvilkåra på den frie overflata $z = 0$ og på sjøbotnen $z = -h$, nemleg

$$\omega^2 Z(0) = gZ'(0) \quad \text{og} \quad Z'(-h) = 0$$

Det skal visast at det finst ei uendeleg mengd $\{\lambda_n\}$ av moglege verdjar ("eigenverdjar") på λ . Vis at dei alle er reelle (når ω er reell), og ordna dei slik at

$$\lambda_0 > \lambda_1 > \lambda_2 > \dots$$

der λ_0 er den største eigenverdien. Vis også at dei tilsvarande (eigen)-funksjonane $\{Z_n(z)\}$ er ortogonale. Finn uttrykk for alle $Z_n(z)$ slik at dei er normaliserte, d.v.s. slik at

$$\int_{-h}^0 Z_n(z) Z_\ell^*(z) dz = \delta_{n\ell} = \begin{cases} 1 & \text{når } \ell = n \\ 0 & \text{når } \ell \neq n \end{cases}$$

Skriv spesielt opp uttrykket for $Z_0(z)$.

Oppgave C1. (Energispekteret).

En irregulær sjøtilstand kan betraktes som sammensatt av bølger med alle mulige frekvenser, ω , og innfallsvinkler, γ . Energiinnholdet for bølger innenfor området $(\omega, \omega + \Delta\omega)$ og $(\gamma, \gamma + \Delta\gamma)$ kan skrives som:

$$E(\omega, \gamma) \Delta\omega \Delta\gamma = \frac{1}{2} \rho g |A(\omega, \gamma)|^2 \Delta\omega \Delta\gamma \quad (1)$$

slik at sjøtilstandens totale energiinnhold vil være:

$$E = \frac{1}{2} \rho g \sum_{m=1}^{\infty} \sum_{n=1}^{\ell} |A(\omega_m, \gamma_n)|^2 \Delta\omega \Delta\gamma \quad (2)$$

Teikna kurve for $(R_{11} \omega^3 / \rho g^2 d)$ som funksjon av kh .

Løys også oppgåva for det tilfellet at plata er hengsla om nedre kanten (ved $z = -h$) og at \hat{u}_1 står for den horisontale komponenten av fartamplituden i vasskorpa ($z = 0$).

Oppgåve D2. (Sirkulær bølgegenerator).

Ein vertikal sylinder med radius a og høgd større enn vassdjupna står på sjøbotnen, $z = -h$. Veggen i sylindren pulserer i radiell retning med ein kompleks fartamplitude $\hat{u}_r(z) = \hat{u}_0 c(z)$, der konstanten $\hat{u}_0 = \hat{u}_r(0)$ representerer pulseringsfarten i vasskorpa $z = 0$. (Merk at $c(0) = 1$). Det er sirkulær symmetri i pulseringa slik at det er ingen variasjon med koordinatvinkelen θ .

Finn fartpotensialet $\hat{\phi} = \varphi \hat{u}_0$ for den genererte bølge uttrykt som ei uendeleg rekkje, der me går ut frå at dei normaliserte eigenfunksjonane $\{z_n(z)\}$ i oppgåve B4 og dei tilhøyrande eigenverdiane $\lambda_0 = k^2$, $\lambda_1 = -m_1^2$, $\lambda_2 = -m_2^2$, ... er kjende.

Uttrykk strålingsimpedansen Z_{00} ved ei uendeleg rekkje, og finn eit enkelt uttrykk for strålingsresistansen R_{00} .

Det kan bli bruk for følgjande relasjonar for Bessel-funksjonar: Me har $(d/dx)J_0(x) = -J_1(x)$ og tilsvarande for $N_0(x)$, $H_0^{(1)}(x)$, $H_0^{(2)}(x)$ og $K_0(x)$, medan $(d/dx)I_0(x) = I_1(x)$. Her er I_n og K_n n -te ordens modifiserte Bessel-funksjonar av 1. og 2. slag. Asymptotiske uttrykk er $I_0(x) \rightarrow e^x / \sqrt{2\pi x}$ og $K_0(x) \rightarrow \pi e^{-x} / \sqrt{2\pi x}$ når $x \rightarrow +\infty$. Dessutan gjeld

$$J_1(x)N_0(x) - J_0(x)N_1(x) = 2/\pi x.$$

Oppgåve D3. (Maksimum absorbert effekt.)

Bruk resultat frå forelesningane til å visa at ein sirkulær symmetrisk bøye maksimalt kan absorbera ein effekt

(a) $P_{\text{maks}} = (3\lambda/2\pi)K$

når han kan svinga berre i jage- og hiv-modiane.

(b) $P_{\text{maks}} = (\lambda/\pi)K$

når han kan svinga berre i jage- og stampe-modiane.

(c) $P_{\text{maks}} = (3\lambda/2\pi)K$

når han kan svinga berre i jaging, hiving og stamping.

Vis vidare at ein to-dimensjonal kropp med venstre-høgre-symmetri maksimalt kan absorbera


(d) halvparten av den innkomande bølgeenergien når han kan svinga berre i jage- og stampe-modiane, og

(e) heile den innkomande bølgeenergien når han kan svinga i jaging og hiving, eventuelt jaging, hiving og stamping.

Nemn i kvart av tilfella (a) - (e) kva vilkår dei komplekse fartamplitudane må oppfylle.

Oppgåve E1. (Hivkraft på bøye)

Figuren viser en bøye med halvkuleformet bunn.



Oppgave E1. - Vedlegg

Fra forelesningene har vi (dypt vann):

$$\kappa_{FK,3} = \rho g \pi \int_{-l-a_0}^0 J_0(ka) \exp(kz) \frac{d}{dz}(a^2) dz \quad (1)$$

Fra dette kan $\kappa_{FK,3}$ beregnes analytisk som en rekkutvikling i (ka_0) og (kl) . Finn de to første leddene i denne rekkutviklingen og sammenlign med teorien for $\kappa_{FK,3}$ basert på $ka_0 \rightarrow 0$ og $kl \rightarrow 0$.

I det videre framover skal vi benytte $l = 0$.

Havelock, [1], har for dette tilfellet regnet ut strålingsresistansen og addert masse.

$$m_{33} = \frac{2}{3} \pi a_0^3 \rho \mu \quad (2)$$

$$R_{33} = \frac{2}{3} \pi a_0^3 \rho \omega \epsilon \quad (3)$$

Parametrene μ og ϵ er dimensjonsløse funksjoner av ka_0 . Vedlegg til oppgaven viser ϵ og μ plottet som funksjon av ka_0 .


Plott $\frac{|\kappa_3|}{\rho g \pi a_0^2}$ ut fra følgende to metoder

* Benytt $m_{33}(ka_0)$ samt teori for $ka_0 \ll 1$.

* Benytt $R_{33}(ka_0)$ samt eksakt sammenheng mellom $R_{33}(ka_0)$ og $|\kappa_3|$.

Sammenlign de to resultatene.

[1] Havelock, Proc. Royal. Soc. 231A 1-7 (55)



ka_0	μ	ϵ
0.0	0.845	0.00
0.1	0.885	0.175
0.2	0.820	0.285
0.3	0.730	0.340
0.4	0.655	0.360
0.5	0.600	0.355
0.6	0.545	0.335
0.7	0.505	0.305
0.8	0.475	0.285
0.9	0.455	0.260

Oppgave G1. (Strålingsresistans for sylindrisk bøye.)


Figuren viser ein flytande sylindrisk bøye med halvkuleforma botn. Radien er a , og l er likevektsnedstøkkinga av den sylindriske delen. For hivmodusen har det vist seg at formelen

$$R_O = R_H e^{-2kl}$$

for strålingsresistansen passar godt med eksperimentelle målingar, når det er djupt vatn. Her er

$$R_H = \omega \rho \frac{2\pi}{3} a^3 \epsilon$$

der $\epsilon = \epsilon(ka)$ er Havelocks dimensjonsløse dempingskoeffisient. Jfr. tabellen nedanfor. Den hydrostatiske stivheten til bøyen er



$$S = \rho g \pi a^2$$

P.g.a. den sirkulære symmetrien gjeld

$$R_o = \frac{\omega k}{2\rho g^2} |\kappa_o|^2$$

der κ_o er eksitasjonskraftkoeffisienten. Uttrykk dei dimensjons-
lause parametrene $|\kappa_o|/S$ og $\omega R_o/S$ ved ϵ , ka og kl . Rekna
ut numeriske verdiar for desse to parametreane med $l/a = 0, 4/3$ og
 $8/3$ for kvar av ka -verdiene i tabellen nedanfor.

$ka = 0$	0,01	0,05	0,1	0,15	0,2	0,3
$\epsilon = 0$	0,0230	0,104	0,18	0,24	0,28	0,34

Oppg ve G2. (Effektabsorpsjon med kraftb ye.)

Ein hivande b ye svingar med fart i fase med eksitasjonskrafta
(nett som for eit resonant svingesystem) slik at fasevilk ret
for maksimal energiabsorpsjon er oppfylt. B yen er sylindrisk
og botnen er halvkuleforma. Jfr. oppg ve G1. Diameteren er
 $2a = 6$ m og den sylindriske delen av b yen har ei likevekts-
neds kning $l = 4$ m. B yen har ein maksimal utsvingsamplitude
 $|\zeta| < 1$. Dempinga av hiv rsla skal avpassast for maksimum
effektabsorpsjon ved moderate b lgjeamplitudar og for maksimal
utsvingsamplitude ved h gare b lgjer. Bortsett fr  denne av-
grensinga i amplituden, reknar me at line r teori gjeld. Bruk
numeriske verdiar rekna ut i oppg ve G1.

(a) Rekn ut og teikn diagram for absorbert effekt P som
funksjon av amplituden $|\eta_i|$ p  den innkomande regul re
b lgja, n r perioden er $T = 6,3$ s, $9,0$ s, $11,0$ s og $15,5$ s.

Me skal no g  ut fr  at maskineriet i b yen ikkje har kapasitet
til   absorbera st rre effekt enn $P_{maks} = 300$ kW (inkludert
effekt tapt i friksjon o.l.). Ved ekstremt h ge b lgjer skal
difor fasevinkelen β mellom farten og eksitasjonskrafta ikkje
lenger vera null. For denne situasjonen

(b) rekn ut og teikn diagram for β som funksjon av $|\eta_i|$
slik at den absorberte effekten er $P = P_{maks}$. Perioden
har fire ulike verdiar som i punkt (a).

(c) Grei kort ut om korleis dette vil forandra seg dersom me i
staden for   spesifisera $P_{maks} = 300$ kW, spesifiserer ei
maksimal dempingskraft $|f_n|_{maks} = 2,4 \cdot 10^5$ N i maskin-
eriet, eller ein maksimal lastresistans $R_{maks} = 1,0 \cdot 10^5$
Ns/m⁻¹.

Oppg ve G3. (Absorbert effekt pr. volum.)

Det er gitt ei regul r b lgje med amplitude $|\eta_o| = 1$ m.
B lgjeperioden kan variera i omr det 5 s $< T < 16$ s. Det er
djupt vatn. Det skal absorberast maksimalt med b lgjeenergi
med ein optimalt styrt b ye, som er ein sylinder med halvkule-
forma botn. Jfr. oppg vene E1 og G1. Diameteren er $2 \cdot a$, og
sylinderh gda er $2 \cdot l$, der l er likevektsneds kkinga. Bort-
sett fr  at utsvingsamplituden er avgrensa til $|\zeta| < 1$, skal
me rekna at line r teori er gyldig.

(a) Finn eit uttrykk for forholdet mellom den absorberte
effekten P og volumet V av b yen. N r l er fast,
vis at (P/V) har sin maksimale verdi n r $a \rightarrow 0$. Teikna
kurve for $(P/V)_{maks}$ som funksjon av T .

(b) Rekn ut og teikn kurve for P/V som funksjon av T n r
 $a = 3$ m og $l = 4$ m. Teikn og kurve for korleis P/V
ville ha vore om det ikkje hadde vore avgrensing i ut-
svingsamplituden. I tillegg til skalaen for P/V (i
